




# Årsmelding og rekneskap 2007

*Ivar Aasen-tunet*  
*Dei Nynorske Festspela*  
*Nettstadene*

# Innbald

## **STYRETS ÅRSMELDING**

### **1. 2007: Avklaringane 3**

- 1.1 Økonomisk resultat 3
- 1.2 Publikum 3
- 1.3 Fagleg innhald 3
- 1.4 Utstillingar 3
- 1.5 Dei Nynorske Festspela 4
- 1.6 Kulturprogram 4
- 1.7 Kafé, utleige og butikk 4
- 1.8 Samla resultat 4
- 1.9 Varig tiltak for mangfald 4

### **2. Visjon, verdiar og oppgåver 4**

- 2.1 Visjon 4
- 2.2 Verdiar 4
- 2.3 Forretningsidé 5
- 2.4 Merkevarer 5
- 2.5 Mål 5
- 2.6 Slagord 5
- 2.7 Strategi 5
- 2.8 Viktige uløyste oppgåver 5

### **3. Drift 6**

- 3.1 Resultat 6
- 3.2 Ny medstiftar 7
- 3.3 Administrasjon 7
- 3.4 Vidare drift 7

### **4. Disponering av resultat 7**

### **5. Rekneskap 8**

- Resultatrekneskap 8
- Balanse 9
- Notar 11
- Revisjonsmelding 13

## **ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT**

### **1. Organisasjon 14**

- 1.1 Råd 14
- 1.2 Styre 15
- 1.3 Administrasjon 15
- 1.4 Prosjektengasjement 16
- 1.5 Verneombod 16
- 1.6 Rekneskap og revisjon 16

- 1.7 Stiftingar 16
- 1.8 Ivar Aasen-instituttet 16
- 1.9 Kunstnarleg råd 16
- 1.10 Medlemsskapar 17
- 1.11 Verv og representasjon 17
- 1.12 Nynorsk Forum 17
- 1.13 Litteraturnettverket 17
- 1.14 Andre samarbeidspartnarar 17

### **2. Staden 17**

- 2.1 Uteområdet 18
- 2.2 Bygningar og anlegg 18
- 2.3 Ny utescene 18
- 2.4 Ny tilkomst frå E39 18
- 2.5 Forankring i vertskommunane 18

### **3. Dokumentasjon og formidling 19**

- 3.1 Arkiv og bibliotek 19
- 3.2 Samlingar 20
- 3.3 Innkjøpte kunstverk 20
- 3.4 Dokumentasjon og forskning 21
- 3.5 Eigne dokumentasjonsprosjekt 21
- 3.6 Eksterne dokumentasjons- og forskingsprosjekt 22
- 3.7 Nynorskbasen 22
- 3.8 Artikkelarkivet 23
- 3.9 Foredrag 23
- 3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet 23
- 3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter 23
- 3.12 Fagleg representasjon 24
- 3.13 Europeisk studietur 25
- 3.14 Tunkattens songkonkurranse 26
- 3.15 Publikumssørvis 26

### **4. Utstillingar 26**

- 4.1 Basisutstillinga 26
- 4.2 Temaautstillingar 27
- 4.3 Vandreutstillingar 27
- 4.4 Undrande og skapande 28
- 4.5 Vår eiga institusjonshistorie 28
- 4.6 Rom for litteratur 28

### **5. Tilbod til barn og unge 28**

- 5.1 Katta i sekken 28
- 5.2 Standard skuletilbod 29
- 5.3 Den kulturelle skulesekken i tunet 29
- 5.4 Den kulturelle skulesekken på turné 30

## **6. Arrangement 31**

6.1 Dei Nynorske Festspela 31

6.2 Kulturprogram 33

## **7. Kafé og butikk 33**

7.1 Kafé 34

7.2 Utleige 34

7.3 Butikk 35

7.4 Vareutval 35

## **8. Nettstadene 35**

8.1 aasentunet.no 36

8.2 tunkatten.no 36

8.3 garborgnett.no 36

8.4 Besøk og bruk 36

8.5 Nettbiblioteket 36

## **9. 1001 tekstar 37**

9.1 Økonomisk ramme og rekneskap 37

9.2 Organisasjon 37

9.3 Prosjekt- og redaksjonsplan 38

9.4 Målgrupper og innhald 38

9.5 Teknisk plattform og grafisk form 38

9.6 Avtaleverk opphavsrett 38

9.7 Produksjon 38

9.8 Framdrift 38

## **10. Informasjon 39**

10.1 Presse og kringkasting 39

10.2 Trykksaker 39

10.3 Annonsering 39

10.4 Reiselivssamarbeid 40

10.5 Skilting i tunet 40

## **11. Gjester 40**

11.1 Gjesteprofil 40

11.2 Festspjelgjester 41

11.3 Opningstider 41

11.4 Billettprisar 41

## **12. Økonomi 42**

12.1 Investeringar og drift 42

12.2 Prosjekttilskot 43

12.3 Samarbeidsavtalar 43

12.4 Samfunnsrekneskap 43

## **13. Politiske perspektiv 43**

13.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon 44

13.2 Årets nynorskbrukar 45

13.3 Språk, makt og demokrati 45

13.4 Strategi for nynorsk i skulen 45

13.5 Norskeksamen i ungdomsskulen 45

13.6 Læremiddel på nynorsk 45

13.7 Høyringsfråsegner 46

13.8 Den kulturelle skulesekken 47

13.9 Mangfaldåret 2008 47

13.10 Perspektiv 2013 48

## **VEDLEGG**

**1. Statistikk 2007 49**

**2. Kulturprogram 2007 50**

**3. Dei Nynorske Festspela 2007 56**

**4. Temautstillingar 2000–2007 62**

*Framsida*

Teikning av Roar Hagen i VG 30.6.2007. Original kjøpt av Nynorsk kultursentrum

# STYRETS ÅRSMELDING

## 1. 2007: Avklaringane

2007 blei eit år med avklaringar for Nynorsk kultursentrum.

Fylke og vertskommunar gjorde dei vedtaka som trøngst for at det unike anlegget Ivar Aasen-tunet no blir fullført med utescene. Den kulturelle skulesekken opna seg og blir etter kvart ein stor marknad for elevretta kulturprogram med nynorskprofil. Store utstillingsprosjekt fekk si form, tunkatten Lurivar fann sin faste plass i basisutstillinga og har no sitt eige formidlingsprogram for leseglede. Vi fekk godkjent planane for å lage det nasjonale Litteraturnettverket for arkiv, bibliotek og museum. Vi forma både visjon og verdier, forretningsidé og merkevarer, og viktige organisasjonsendringar fall på plass med ny fast stilling som administrasjonssjef.

I 2007 blei det også klart at vi i 2008 for første gong får dei rammevilkåra vi årleg har søkt om frå Kultur- og kyrkjedepartementet.

### 1.1 Økonomisk resultat

Med slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette auka omsetninga med 14 % til 12,1 millionar kr i 2007. Drifta gav eit overskot på 77 028 kr, mot 120 131 kr i 2006. Med dette er eigenkapitalen no på 476 083 kr. Marginane for drifta er altså framleis for små.

I *St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (1995–96)* om bygging av Ivar Aasen-tunet blei det sett opp eit mål om 11,5 faste stillingar. Sjølv om statstilskotet til drifta i 2007 var nokså stramt, var tida no inne til å ta det siste steget og opprette ny stilling som administrasjonssjef frå 1.10.2007. Då var det fem år sidan sist det kom ny fast stilling i tunet. Dette er også eit tiltak for å styrkje drifta.

### 1.2 Gjester og brukarar

16 700 personar gjesta arrangement og utstillingar, mot 17 100 i 2006. Vel 4600 eller 27 % av desse var barn og unge.

Nettstadene hadde 214 000 unike brukarar med til saman 585 000 viste sider. Vi hadde såleis 13 gonger fleire brukarar på nettstadene enn vi hadde gjester på arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Av 186 arrangement i 2007 var 73 % i Ivar Aasen-tunet, mot 61 % året før. Dette året var vi aktive i 31 kommunar i ni fylke. 13 av desse kommunane var nye.

### 1.3 Fagleg innhald

17 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknytning til samlingane våre. Forlagsredaktør Guri Vesaas fekk prisen *Årets nynorsk-brukar 2007*.

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 56 100 einingar. Ved utgangen av 2007 var 28 % av samlingane tilfredsstillande registrerte. Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet nær 5800 artiklar om vel 760 personar, institusjonar og organisasjonar, mot vel 4900 klipp eit år tidlegare.

I 2007 la vi ut heile 4000 nye tekstdokument på nettstaden. Størst var *Fedraheimen* med over 2300 artiklar.

I 2007 kunne vi endeleg setje i gang arbeidet med det vi vonar skal bli eit allment nynorsk leksikon på Internett, i samarbeid med Det Norske Samlaget. Delprosjektet *1001 tekstar* utviklar nytt stoff om nynorsk kulturhistorie på Internett. Dei første artiklane blir publiserte i 2008.

### 1.4 Utstillingar

Utstillingane auka omsetninga med heile 60 % frå 2006 til 1 124 000 kr i 2007. Av dette stod fornyinga av basisutstillinga for 355 000 kr, medan *1001 tekstar* hadde ei omsetning å 197 000 kr.

Ein annan viktig grunn til veksten var elevprogramma *Det undrande språket* (frå 2004) og *Katta i sekken* (nytt i 2007). 1971

elevlar og lærarar var med på desse programma i 2007.

I 2007 laga vi to nye temautstillingar, ein ny forfattarpresentasjon og vi hadde om lag 50 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag.

11 eldre og nyare temautstillingar blei viste som vandreutstillingar på ni stader i landet.

### 1.5 Dei Nynorske Festspela

Dei Nynorske Festspela er no solid posisjonert i norsk kulturliv, men vi slit med små økonomiske marginar. Omsetninga auka med heile 28 % frå 2006 til 1,6 millionar kr. Resultatet blei negativt, som året før, men likevel betre: eit underskot på 28 000 kr mot 199 000 kr i underskot i 2006. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med 6100 gjester og 213 utøvarar på 44 arrangement.

### 1.6 Kulturprogram

Kulturprogrammet nådde same omsetningsnivå som i 2006, 406 000 kr, og gav 1000 kr i overskot. Utanom Festspela stod vi for 71 eigne kulturarrangement i 2007, mot 54 året før. Nær 500 utøvarar var involverte og samla i kulturprogrammet.

### 1.7 Kafé, utleige, butikk

Kafeen og butikken voks vidare i 2007 og nådde ei samla omsetning på 1 177 000 kr. Drifta gav eit samla overskot på 142 000 kr.

### 1.8 Samla resultat 2000–2007

Til no har vi hatt 144 000 gjester og 1 746 000 nettstadbrukarar. Nær 1,9 millionar personar har altså nytta tilboda våre. Etter åtte driftsår har verksemda elles resultat i dette:

- 56 100 bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar i samlingane.
- 1372 arrangement med vel 5600 utøvarar.
- 20 ulike temautstillingar. 16 av desse har vore lånte ut som vandreutstillingar 79 gonger i 17 fylke.
- 7100 dokument tilgjengelege på nettstadene ved årsskiftet.

- Arrangement og/eller utstillingar i 92 kommunar i 17 fylke.
- 104 turnéframsyningar av elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* for 3718 elevlar og lærarar ved 60 skular i 28 kommunar i fire fylke.
- Barn og unge utgjør 25 % av alle gjestene.
- Lønsutbetalingar til 530 personar i 117 kommunar spreidde på alle fylka i landet.

### 1.9 Varig tiltak for mangfald

Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange. Vi skal fylle både ei lokal, ei regional og ei nasjonal rolle. Institusjonen ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i samarbeidet mellom arkiv, bibliotek og museum, og er blitt viktig både i nasjonale og regionale nettverk.

Statstilskotet utgjorde i 2007 67 % av driftsinntektene. For første gong skaffa vi over fire millionar kr i eigeninntekter.

Nynorsk kultursentrum går inn i det niande driftsåret for tun, festspel og nettstader med fagleg ekspansjon, fornya formidling og digital kvardag som strategiske grep i arbeidet med å bli endå meir til nytte for publikum i inn- og utland.

## 2. Visjon, verdier og oppgaver

Styret fastsette i 2007 visjon og verdier for Nynorsk kultursentrum, og vil årleg drøfte eventuelle justeringar.

### 2.1 Visjon

*Nynorsk, sjølvsgt, når som helst og kor som helst*

Vi er drivne av visjonen om eit samfunn der det er sjølvsgt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der det er sjølvsgt at nynorsk kan brukast i alle situasjonar.

### 2.2 Verdier

*Ekte, modig, overraskande*

Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordommar om norsk

språkpolitikk, vi ønskjer å overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og publikum skal vite at vi er til å stole på.

## 2.3 Forretningsidé

*Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare å vere nynorskbrukar*

Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlarer av nynorsk identitet og sjølvtrillit. Det vi gjer undervegs til visjonen, skal vere med og auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane.

## 2.4 Merkevarer

*Ivar Aasen*

Alle som har gått i norsk skule har eit bilete av Ivar Aasen, ingen kan fortelje hans historie på den måten vi kan, og signaturen hans pregar hovudbygningen vår. Alt strålar ut frå Ivar Aasens liv og verk, han representerer summen av verdiane våre og var den første som formulerte visjonen vår.

## 2.5 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

## 2.6 Slagord

*Ivar Aasen-tunet – målet for alle*

Slagordet har vore i bruk sidan sommaren 1999.

## 2.7 Strategi

Strategien vår er at Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, og nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar. Dette inneber at

- a) Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,
- b) Dei Nynorske Festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen, og at

- c) [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) skal vere den beste nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur.

Måla våre er allment viktige og peikar i retning av nasjonale oppgåver som vi prøver å løyse. Vi har svært vide samarbeidsflater, er ein offentleg aktør som av andre blir oppfatta som truverdig, påliteleg og løysingsorientert, og vi driv ei samla verksemd som er mindre stadbunden enn hos mange abm-institusjonar vi kan samanliknast med. Kvart år gir vi ulike publikumstilbod ei rekkje stader i landet i form av kulturprogram eller utstillingar.

Nynorsk kultursentrum legg til grunn at ein nasjonal museumspolitikk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå. For vår del er dette forankra i dei stortingsdokumenta som låg til grunn for stortingsvedtaket i 1995 om å skipe Ivar Aasentunet som eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter.

## 2.8 Viktige uløyste oppgåver

Nynorskbrukarane er den veikaste parten i den språkdelte norske kulturen. Fleire utviklingsdrag får særlege følgjer for desse:

*Marknadsmakt avløyser offentleg styring*, og nynorskbrukarane kjem ofte dårlegare ut når offentlege ordningar blir privatiserte.

*Sentraliseringa* på dei aller fleste områda i det norske samfunnet fører til at det er bokmålsområda som styrkjer seg på kostnad av nynorskområda, som i større grad er spreiddbygde.

Det absolutte talet på *elevlar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen* er stabilt, men prosenttalet har gått ned frå 16,5 % i 1990 til 13,7 % i 2007. Sjølv om truleg fleire av desse blir verande nynorskbrukarar lenger enn det som var vanleg før, er dette urovekkjande, som det einaste tydelege negative utviklingstrekket det er.

For nynorskens del er det mindre tale om domenetap enn at det er *ein del domene der nynorsk enno ikkje har fått fotfeste*. Innanfor kultursektoren gjeld det dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underhaldningsindustrien, særleg den som er retta mot born og unge.



Så godt som *alle nynorske institusjonar er små* og utan tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje.

Jamleg blir det avdekt at offentlege institusjonar ikkje følgjer *mållova* slik dei pliktar å gjere. Konsekvensen av dette er at nynorsk blir mindre synleg i kvardagen og mindre utvikla som eit allment fagspråk enn det kunne ha vore.

Det er nødvendig å utvikle ein ny, overordna, framtidsretta argumentasjon for nynorskens plass i landet. Drøftingane i styre og råd, arbeidet i Nynorsk Forum og ikkje minst årstalane om tilstanden for nynorsk skriftkultur gir på kvar sine måtar bidrag til ein slik argumentasjon.

Den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrkje sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad av etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi meining å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Mest mogleg av arbeidet blir utført i nær kontakt med andre nynorsk-institusjonar. Vi ser desse oppgåvene som særleg viktige:

1. Realisere planane for *Nynorske digitalt leksikon* slik at dette blir eit allment og fullgodt digitalt oppslagsverk.
2. Bruke ein viss del av midlane i Den kulturelle skulesekken til prosjekt som styrker den språklege og kulturelle sjølvtiliten til nynorskelevane.
3. Utvide verkeområdet for mållova slik at lova er tilpassa dei nye selskapsformene som tek meir og meir over i stat, fylke og kommunar.

4. Gjennomføre ein stor haldningskampanje over fem år for å fremje det positive ved den språkdelte norske kulturen.
5. Gi Dei Nynorske Festspela knutepunkt-funksjon som festival med særleg ansvar for kunst og kultur basert på dialekt og nynorsk.
6. Fastsetje i konsesjonsvilkåra for alle norske tv-kanalar med tilbod for barn at minst 25 % av barnefilmene anten skal vere dubba til dialekt eller nynorsk standardtale, eller tekstast på nynorsk.

Både det breie stortingsfleirtalet bak dei språkpolitiske hovudlinjene i kulturmeldinga frå 2003, og forpliktande løfte frå regjeringa Stoltenberg i Soria Moria-erklæringa, gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med sakene ut frå år 2013 som perspektiv.

Vi er det vi gjer.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein institusjon til å rekne med, og berre vi sjølve kan syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan tilfredsstille dei auka krava til kvalitet på tenesene og tilboda våre som følgjer av dette.

### 3. Drift

Med ei omsetning på 12 114 000 kr blei 2007 eit svært ekspansivt år. Samstundes greidde vi å drive med overskot også dette året. Driftskapitalen er likevel enno for liten, og vi arbeider for å gjere den stor nok til at vi kan tole dei svingingane som drifta vår kan gi over tid.

Arbeidet med å få på plass ei ny utescene gav den nødvendige avklaringa i 2007, og det tidlegare målet er at utescena står ferdig i god tid før Dei Nynorske Festspela 2008, blir dermed nådd.

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på ei mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke.

#### **3.1. Resultat**

Omsetninga i 2007 var på 12,1 millionar kr mot 10,6 millionar kr året før. Rekneskapen syner eit overskot på 77 000 kr etter finans-

inntekter, noko under overskotet på 120 000 kr i 2006. Den positive egenkapitalen er dermed auka til 486 000 kr. Det er det meste vi nokon gong har hatt.

### 3.2 Ny medstiftar

Rogaland fylkeskommune vedtok i 2007 å bli medstiftar i Nynorsk kultursentrum. Dermed står 21 institusjonar, organisasjonar og verksemder bak verksemda vår. Med innskotet frå Rogaland fylkeskommune auka også grunnkapitalen med 10 000 kr.

### 3.3 Administrasjon

Frå og med tilsetjing av administrasjonssjef frå 1.10 2007 hadde vi medarbeidarar i 11 faste stillingar, og vi hadde engasjementsavtalar med 23 andre medarbeidarar. Medarbeidarane utførte til saman 12,1 årsverk. Det var ingen skader eller ulykker i meldingsperioden. Det samla sjukefråværet for fast tilsette utgjorde 5,6 % av den samla arbeidstida, mot 6,1 % i 2006.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Fire av sju styremedlemmer i 2007 var kvinner, og rådsordføraren var kvinne. I leiargruppa sat to kvinner og tre menn, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2007 seks kvinner og fem menn. Ved nyttilsetjing prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar, men vi ser også til at det over tid blir verande eit balansert forhold mellom tal på kvinner og menn i staben, på

same måten som vi lønskjer variasjon i alder, geografi, sosial bakgrunn og fagprofil.

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2007. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2007 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

### 3.4 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 230 000 kr. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebank1 Volda Ørsta.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2007.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilete av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kr.

|              | 2005  | 2006   | 2007   |
|--------------|-------|--------|--------|
| Omsetning    | 9 842 | 10 624 | 12 114 |
| Resultat     | 126   | 120    | 77     |
| Eigenkapital | 279   | 399    | 486    |


## 4. Disponering av resultat

Årsoverskotet på 77 028 kr går til å auke eigenkapitalen. Stiftinga hadde ved årsskiftet ein eigenkapital på 486 083 kr.

Hovdebygda, 31. desember 2007/25. mars 2008

  
Oddvar Haugland, leiar

  
Kristian I. Hanto

  
Jan Heggheim

  
Olaug Husabø

  
Ingrid I. Opedal

  
Målfrid Snørteland

  
Terje Kjøde

  
Ottar Grepsdal, direktør



# RESULTATREKNESKAP for 2007

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

### DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER

|                                   | Note | 2007              | 2006              |
|-----------------------------------|------|-------------------|-------------------|
| Tilskot frå Kulturdep. o.a.       | 1    | 9 791 335         | 8 227 500         |
| Sal av varer                      |      | 1 214 702         | 1 154 957         |
| Billettsal                        |      | 716 252           | 748 627           |
| Sponsorinntekter og annonser      |      | 270 714           | 323 075           |
| Andre inntekter                   |      | 121 091           | 169 851           |
| <b>Sum driftsinntekter</b>        |      | <b>12 114 094</b> | <b>10 624 010</b> |
| Varekostnader                     |      | 591 157           | 632 893           |
| Lønskostnader m.m.                | 4    | 5 873 418         | 5 083 083         |
| Leigekostnader                    |      | 126 819           | 130 569           |
| Utstyr og driftsmateriell, straum |      | 1 261 066         | 855 043           |
| Reparasjonar og vedlikehald       |      | 510 813           | 367 337           |
| Reise/opphald                     |      | 825 250           | 644 389           |
| Honorar                           | 4    | 888 794           | 899 484           |
| Marknadsføring                    |      | 852 057           | 704 466           |
| Ymse kontorkostnader/porto m.m.   |      | 582 575           | 590 783           |
| Ordinære avskrivningar            | 6    | 183 946           | 207 977           |
| Andre driftskostnader             |      | 449 083           | 408 577           |
| <b>Sum driftskostnader</b>        |      | <b>12 144 979</b> | <b>10 524 601</b> |
| <b>Driftsresultat</b>             |      | <b>-30 885</b>    | <b>99 409</b>     |

### FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER

|                           |  |                |               |
|---------------------------|--|----------------|---------------|
| Renteinntekter            |  | 109 695        | 23 128        |
| Rentekostnader            |  | -1 781         | -2 406        |
| <b>Netto finansposter</b> |  | <b>107 914</b> | <b>20 722</b> |

|                                                       |  |               |                |
|-------------------------------------------------------|--|---------------|----------------|
| <b>Resultat før ekstraord. inntekter og kostnader</b> |  | <b>77 028</b> | <b>120 131</b> |
|-------------------------------------------------------|--|---------------|----------------|

|                                           |  |               |                |
|-------------------------------------------|--|---------------|----------------|
| <b>Årsoverskot (+) / Årsunderskot (-)</b> |  | <b>77 028</b> | <b>120 131</b> |
|-------------------------------------------|--|---------------|----------------|

### OPPSKRIVINGAR OG OVERFØRINGAR

|                                           |   |               |                |
|-------------------------------------------|---|---------------|----------------|
| Overføringar annan eigenkapital           | 5 | 77 028        | 120 131        |
| <b>Sum oppskrivningar og overføringar</b> |   | <b>77 028</b> | <b>120 131</b> |

# BALANSE per 31. desember

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum


| EIGENKAPITAL OG GJELD                         | Note     | 2007             | 2006             |
|-----------------------------------------------|----------|------------------|------------------|
| <b>Eigenkapital</b>                           |          |                  |                  |
| Grunnfond                                     |          | 230 000          | 220 000          |
| <b>Sum innskoten eigenkapital</b>             |          | <b>230 000</b>   | <b>220 000</b>   |
| <b>Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-)</b> |          | 256 083          | 179 055          |
| <b>Sum eigenkapital</b>                       | <b>5</b> | <b>486 083</b>   | <b>399 055</b>   |
| <b>Langsiktig gjeld</b>                       |          |                  |                  |
| Banklån                                       |          | 0                | 0                |
| <b>Sum langsiktig gjeld</b>                   |          | <b>0</b>         | <b>0</b>         |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>                       |          |                  |                  |
| Leverandørgjeld                               |          | 297 667          | 303 303          |
| Trekk og offentlege avgifter                  |          | 434 196          | 337 397          |
| Påkomne kostnader                             |          | 621 602          | 500 699          |
| Periodiserte tilskot                          |          | 1 469 252        | 150 000          |
| <b>Sum kortsiktig gjeld</b>                   |          | <b>2 822 717</b> | <b>1 291 399</b> |
| <b>Sum gjeld</b>                              |          | <b>2 822 717</b> | <b>1 291 399</b> |
| <b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>              |          | <b>3 308 799</b> | <b>1 690 455</b> |

Ørsta, 31.12.07  
25.03.2008


I styret for  
STI Nynorsk kultursentrum

  
Oddvar Haugland

styreleiar

  
Målfrid Snørteland

styremedlem

  
Ingrid I. Opedal

styremedlem

  
Jan Hegghem


styremedlem

  
Terje Kjode

styremedlem

  
Kristian I. Hanto

styremedlem

  
Olaug Husabø

styremedlem

  
Ottar Grepstad

direktør

Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet  
frå Kultur- og kyrkjedepartementet er nytta i samsvar med  
føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

**Arvid Hovden**  
statsautorisert revisor

**BALANSE per 31. desember**  
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum**

| <b>EIGEDLAR</b>                      | <b>Note</b> | <b>2007</b>      | <b>2006</b>      |
|--------------------------------------|-------------|------------------|------------------|
| <b>Anleggsmiddel</b>                 |             |                  |                  |
| Utekafé                              | 6           | 101 014          | 112 898          |
| Datautstyr                           | 6           | 41 682           | 139 321          |
| Inventar og utstyr                   | 6           | 117 509          | 183 007          |
| <b>Sum anleggsmiddel</b>             |             | <b>260 205</b>   | <b>435 226</b>   |
| <b>Omløpsmiddel</b>                  |             |                  |                  |
| Varelager                            | 3           | 318 380          | 306 876          |
| Kundar                               | 2           | 117 420          | 55 095           |
| Andre krav                           | 2           | 98 032           | 291 043          |
| Bank, kasse (bundne midlar: 240.890) |             | 2 514 763        | 602 214          |
| <b>Sum omløpsmiddel</b>              |             | <b>3 048 594</b> | <b>1 255 228</b> |
| <b>SUM EIGEDLAR</b>                  |             | <b>3 308 799</b> | <b>1 690 455</b> |

# NOTAR for 2007

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

### Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til virkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følge av renteendring.

### Note 1

#### Offentlege tilskot

|                                     | 2007             | 2006             |
|-------------------------------------|------------------|------------------|
| Kultur- og kyrkjedepartementet      | 8 090 000        | 7 457 000        |
| Tilskot frå Møre og Romsdal fylke   | 113 000          | 75 000           |
| Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar | 100 000          | 0                |
| Tilskot Norsk Kulturråd             | 368 203          | 320 000          |
| Andre offentlege tilskot            | 293 740          | 200 000          |
| Andre tilskot                       | 826 393          | 175 500          |
| <b>Sum tilskot</b>                  | <b>9 791 335</b> | <b>8 227 500</b> |

### Note 2

#### Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

### Note 3

#### Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

### Note 4

#### Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

|                                                | 2007             | 2006             |
|------------------------------------------------|------------------|------------------|
| Lønskostnad                                    | 4 419 175        | 3 868 370        |
| Folketrygdavgift                               | 706 784          | 622 106          |
| Oppg.pl. honorar                               | 427 476          | 298 265          |
| Pensjonsytingar                                | 215 877          | 251 139          |
| Andre ytingar                                  | 104 106          | 43 202           |
|                                                | <b>5 873 418</b> | <b>5 083 083</b> |
| Gjennomsnittleg tal på fast tilsette (årsverk) | 12,1             | 11,2             |
| Mindre deltidsstillingar kjem i tillegg        |                  |                  |

# NOTAR for 2007

## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| <b>Ytingar til leiande personar</b> | <b>Dagleg leiar</b> | <b>Styreleiar</b> | <b>Styre-<br/>medlemmer</b> |
|-------------------------------------|---------------------|-------------------|-----------------------------|
| Løn, honorar og liknande            | 608 010             | 50 000            | 76 679                      |

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2007 utgjer kr 20.900,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 2.600,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 11 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

### Note 5

#### Eigenkapital

|                                                   | <b>2007</b>    | <b>2006</b>    |
|---------------------------------------------------|----------------|----------------|
| Grunnkapital 31.12.                               | <b>230 000</b> | <b>220 000</b> |
| Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 01.01.     | 179 055        | 58 924         |
| Årsresultat                                       | 77 028         | 120 131        |
| Sum annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 31.12. | <b>256 083</b> | <b>179 055</b> |
| Sum eigenkapital 31.12.                           | <b>486 083</b> | <b>399 055</b> |

### Note 6

#### Tilskot til inventar/utstilling og bygg

|                                       | <b>Inventar/<br/>utstilling</b> | <b>Amfi og/<br/>utekafe</b> | <b>Bygg</b> | <b>Sum</b>     |
|---------------------------------------|---------------------------------|-----------------------------|-------------|----------------|
| Kostpris 01.01.                       | 9 813 757                       | 1 368 440                   | 43 800 000  | 54 982 197     |
| + Tilgang                             | 8 925                           | 0                           | 0           | 8 925          |
| - Avgang                              | 0                               | 0                           | 0           | 0              |
| - Tilskot - akkumulerte tal per 31.12 | -8 824 041                      | -1 234 500                  | -43 800 000 | -53 858 541    |
| Akk. avskrivningar 31.12.             | -839 450                        | -32 926                     | 0           | -872 376       |
| <b>Bokført verdi 31.12</b>            | <b>159 191</b>                  | <b>101 014</b>              | <b>0</b>    | <b>260 205</b> |
| <b>Avskrivningar i år</b>             | <b>172 062</b>                  | <b>11 884</b>               | <b>0</b>    | <b>183 946</b> |
| Avskrivningssats                      | 10-20%                          | 10 %                        |             |                |

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at "den rørelege og urørelege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følge av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

**Til styret i  
Stiftinga Nynorsk kultursentrum**

**REVISJONSMELDING FOR 2007**

Vi har revidert årsrekneskapen for Nynorsk kultursentrum for rekneskapsåret 2007, som syner eit årsoverskot på kr 77.028,-. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av årsoverskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar i stiftinga. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samhøve med revisorlova og lov om stiftingar.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna revisjonsstandarar vedtekne av den Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i stiftinga. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter, og gir eit rettvise bilete av stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2007 og for resultatet i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget til bruk av årsoverskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Vi har ikkje fått kjennskap til noko tilhøve som tilseier at forvaltninga og utdelingar i stiftinga ikkje er gjennomført i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektene elles.

Ørsta, den 25. mars 2008

Hovden & Vatne



Arvid Hovden  
statsautorisert revisor

| HOVUDKONTOR:                                                                        | AVD. KONTOR                                                         |                                                                           |                                                          |
|-------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------------------------|
| Ørsta, Vikegt. 5<br>Postb. 203, 6151 Ørsta<br>Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01 | Volda, Halkjelsgt. 1<br>Postb. 345, 6101 Volda<br>Tlf.: 70 07 69 33 | Eid, Lotevegen 21<br>Postboks 315, 6772 Nordfjordeid<br>Tlf.: 57 88 64 16 | Stryn, Tonningsgt. 42<br>6783 Stryn<br>Tlf.: 57 87 15 52 |

# ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT

## 1. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei Nynorske Festspela
- Nettstadene [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no),  
[www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no) og  
[www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no)

### 1.1 Råd

21 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum etter at Rogaland fylkeskommune i 2007 blei medstiftar. Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2007 (oppnemningsperiode i parentes):

#### *Kommunar og fylkeskommunar*

- Hordaland fylkeskommune: Jakob Bjel-land (2004–2007), vara Anbjørg R. Hjel-lestad (2004–2007)
- Møre og Romsdal fylke: Reidun Klock Tjervåg (2003–2007), vara Solfrid Petri-ne Viset (2003–2007)
- Rogaland fylkeskommune: Jarle Braut (2007–2011), vara Ragnhild Osmundsen (2007–2011)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Else Kristine Husabø (2003–2007), vara Liv Henjum (2003–2007)
- Volda kommune: Gunnar Strøm (1999–2007), vara Reidun Heimen Helt-ne (2003–2007)
- Ørsta kommune: Ola Perry Saure (1999–2007), vara Monika Ryste Barstad (2003–2007)

#### *Forsknings- og utdanningsinstitusjonar*

- Ivar Aasen-instituttet: Jan Inge Sørbo (2006–2007), vara Stephen J. Walton (2006–2007)
- Høgskulen i Volda: Terje Aarset (2006–2007), vara Reidun Aambø (2003–2007)
- Møreforsking: Else Ragni Yttredal (2006–2007), vara Geir Tangen (2006–2007)
- Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–), vara ikkje oppnemnd
- Noregs teknisk-naturvitskaplege univer-sitet: Gunnar Foss (2005–2007), vara Steinar Gimnes (2005–2007)
- Universitetet i Bergen: Johan Myking (2005–2006), vara Knut S. Vikør (2005–2006)
- Universitetet i Oslo: Kristian Emil Kris-toffersen (2005–2009), Rolf Theil (2005–2009)
- Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (1998–2007), vara Gulbrand Alhaug (2002–2007)

#### *Kulturinstitusjonar*

- Det Norske Samlaget: Audun Heskestad (2006–2007), vara Guri Vesaas (2006–2007)
- Det Norske Teatret: Ola E. Bø (1993–), vara Kristin Eikli (1993–)
- Sunnmøre Museum: Kari Hasle (2005–2007), vara Ingebjørg Røyrihus Øyehaug (2005–2007)

#### *Målrørsl*

- Noregs Mållag: Grete Riise (2001–), vara Steinulf Tunesvik (2001–)
- Noregs Ungdomslag: Gunhild Berge Stang (2006–2007), vara Hallvard Julseth (1999–2007)
- Landssamanslutninga av nynorskkom-munar: Jan Magne Dahle (2003–), vara Vidar Høviskeland (2001–)
- Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (2000–), vara Kjell Inge Bjørke (2000–)



Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
2. Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.
3. Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
4. Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

Rådsordførar var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær.

Rådet hadde eitt møte og handsama i alt 12 saker, mot 18 året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene årstalen, jubileumsstrategi 2013, fylkeskommunane som språkpolitiske aktørar og digital publisering.

## 1.2 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer. Staten v/Kultur- og kyrkjedepartementet oppnemner fire medlemmer og éin varamedlem, rådet vel to medlemmer og éin varamedlem, medan dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem. Styret i 2007 var:

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
28.4.2006–31.12.2009*

Oddvar Haugland, Oslo, leiar (oppnemnd første gongen 2006)

Målfrid Snørteland, Hafrsfjord (oppnemnd første gongen 2004)

Varamedlem for departementsoppnemnde styremedlemmer: Astrid Forland, Bergen (oppnemnd første gongen 2006)

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
1.1.2004–31.12.2007*

Jan Heggheim, Stryn (oppnemnd første gongen 2004)

Olaug Husabø, Tromsø (oppnemnd første gongen 2000)

*Valde av rådet 1.1.2004–31.12.2007*

Kristian I. Hanto, Bø (vald første gongen 2002)

*Valde av rådet 1.1.2006–31.12.2009*

Margit Walsø, Oslo (vald første gongen 2002)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemmer: Terje Kjøde, Ørsta (vald første gongen 2006)

*Vald av dei tilsette 1.1.2006–31.12.2007*

Ingrid I. Opedal, Volda (vald første gongen som vara 2004) med vara Kirsti Langstøyl, Volda (vara også 2000–2004)


Rådsordførar Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde fire møte og handsama i alt 66 saker, mot 65 året før. Utanom budsjett, søknad om statstilskot, rekneskap og årsmelding var dei viktigaste sakene utescene, stillingsstruktur, visjon og verdier, jubileumsstrategi 2013, *Nynorsk digitalt leksikon* og langtidsplanar for ulike delar av drifta.

## 1.3 Administrasjon

I 2007 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 31 medarbeidarar, mot 34 året før. Desse utførte 12,1 årsverk mot 11,2 året før.

Figur 1. Årsverk 2000-2007



Desse 13 var fast tilsette eller tilsette i vikariat i 2007:

- Ottar Grepstad, direktør
- Administrasjonssjef Magni Hjertenes Flyum (frå 1.10.)
- Eirik Helleve, dokumentasjonsleiar
- Milan Ilic, kjøkkenleiar
- Knut-Johann Skogstrøm Jørgensen, driftsleiar
- Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar
- Marit Neergaard, formidlingsleiar (omsorgspermisjon frå 23.3.)

- Ingrid I. Opedal, tunvert
  - Anne Marta Vinsrygg Vadstein, vikar formidlingsleiar (frå 10.4.)
  - Åshild Widerøe, programansvarleg
  - Alice Ødegård, vikar administrasjonssekretær (frå 1.6.)
  - Gaute Øvereng, informasjonsleiar
  - Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær (omsorgspermisjon frå 25.7.)
- Desse 23 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte 2880 timeverk i 2007, mot nær 2500 timeverk året før:

- Maria Bjørlykke
- Kristin Bolstad
- Kai-Robin Lid Busch
- Ingrid Buset
- Sivert Krøvel
- Tore Leikanger
- Ingrid Aasen Lødemel
- Anne Tørudstad Mork
- Svein Arne Myhren
- Lars Ivar Nordal
- Hilde Marthe Nordhaug
- Øystein H. Opedal
- Åsmund H. Opedal
- Solveig Skrede
- Marte C. W. Solheim
- Grunde Andreas Grepstad Thorheim
- Kirsti Mathilde Thorheim
- Camilla A. Vik
- Kristin Wangen
- Aslaug Marit Øyehaug
- Tale C. B. Øyehaug
- Ingeborg Aam
- Åsne Kalland Aarstad

#### 1.4 Prosjektengasjement

I tre ulike prosjekt blei det utført til saman 554 timeverk i 2006, mot 1075 i 2006.

Med støtte frå Norsk kulturråd sette Nynorsk kultursentrum i 2006 i gang eit *forprosjekt for Jon Fosse-arkivet* i samarbeid med Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret. Kirsti Mathilde Thorheim blei tilsett som prosjektleiar i eit engasjement som utgjør vel seks månadsverk. Forprosjektleiaren leverte sin rapport 29.6.2007, og rapporten blir publisert våren 2008.

Tilrettelegging for publisering av *Fedraheimen* i digitalt format heldt fram i 2007, med Lars Ivar Nordal i engasjement.

Svein Arne Myhren var engasjert til fleire utviklingsoppgåver for nye *temautstillingar*.

#### 1.5 Verneombod

Verneombod i 2007 var Oddny Nupen Aarflot. Vara Milan Ilic tok over funksjonen frå 25.3.

#### 1.6 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/Arvid Hovden.

#### 1.7 Stiftingar

Nynorsk kultursentrum er støttestiftar i Stiftinga Rasmus Løland-markeringa 2007–2011.

#### 1.8 Ivar Aasen-instituttet

For Nynorsk kultursentrum er Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartnarar. Omfanget av samarbeidet vil variere over tid, og i 2007 hadde vi få fellestiltak. Det viktigaste var kontakten mellom oss og doktorgradsstipendiatane Jens Johan Hyvik og Oddmund L. Hoel som skriv kvar sine avhandlingar frå historia om norsk målreising 1739–2005.

#### 1.9 Kunstnarleg råd

I 2005 oppnemnde Nynorsk kultursentrum eit kunstnarleg råd for Dei Nynorske Festspela som skal ha høg kompetanse på kva som er den nasjonale eller internasjonale standard innanfor ulike kunstnarlege uttrykk. Programansvarleg leier arbeidet i rådet, der desse var med juni 2005 – juni 2007:

- Ane Dahl Torp, skodespelar
- Ola E. Bø, dramaturg Det Norske Teatret
- Jan Kløvstad, kultursjef Tvedestrand
- Are Kalvø, journalist og humorist
- Margit Walsø, forlagssjef Det Norske Samlaget

Rådet hadde ingen vanlege møte i 2007.

### 1.10 Medlemsskapar

Nynorsk kultursentrum var i 2007 medlem av desse 12 institusjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal, MIMR (frå 2000)
- Norsk Kulturhus Nettverk, NKN (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP (frå 2003)
- Norsk bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)

### 1.11 Verv og representasjon

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Nasjonalt forskarnettverk for nynorsk: Eirik Helleve (2003–2007)
- Fagråd ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: Ottar Grepstad (2005–2007)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Utdanning i Volda: Ottar Grepstad (2005–)
- Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Øyvind Glosvik (2006–2008)
- Styringsgruppe for hundreårssoga til Det Norske Teatret: Ottar Grepstad (2006–)
- Styret i Musea i Møre og Romsdal: Ottar Grepstad, styremedlem (2007–2008)
- Styret i Norske Festivaler: Åshild Widerøe, varamedlem (2007–2009)

### 1.12 Nynorsk Forum

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan for 20 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta.

Nynorsk Forum hadde tre møte i 2007 og handsama i alt 24 saker. Utanom statsbudsjettet var arbeidet med å løyse læremiddelsaka den viktigaste oppgåva.

Som før leidde Nynorsk kultursentrum også i 2007 arbeidet i Nynorsk Forum.

### 1.13 Litteraturnettverket

Nynorsk kultursentrum gjorde i brev til ABM-utvikling 9.3. framlegg om å skipe eit nasjonalt nettverk for museum med litterær tilknytning. ABM-utvikling sa ja til dette og peika ut Nynorsk kultursentrum som ansvarleg. Litteraturnettverket blir etablert vinteren 2008.

### 1.14 Andre samarbeidspartnarar

Nynorsk kultursentrum representerer ein komplett abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder som er spreidde på mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

## 2. Staden

Med Ivar Aasen-tunet rår Nynorsk kultursentrum over eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Vi legg stor vekt på å utføre reparasjonar og stå for eit jamleg vedlikehald

som tek vare på denne unike staden. I 2007 kom finansieringa av ny utescene på plass, og vi reiv den gamle 11.12.2007.

## **2.1 Uteområdet**

Nynorsk kultursentrum rår over fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byr på ein autentisitet som gjer sterke inntrykk på mange. Storebjørka i Aasen-tunet var det nynorske tuntreet, og ved sida av Kongebjørka i Molde den mest kjende bjørka i landet. Den gamle bjørka blei teken ned i 2005, men då var Biri planteskole alt i gang med å dyrke fram genetiske kloningar. Ny bjørk frå desse plantane blir planta våren 2008.

Kontinuerleg skogtynning er nødvendig for at beitelandskapet kring bygningane ikkje skal gro igjen. I 2007 prioriterte vi å felle tre langs Gamlevegen.

## **2.2 Bygningar og anlegg**

Nybygget i Ivar Aasen-tunet er ein komplisert bygning med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn med desse anlegga blei prioritert høgt også i 2007. Mellom anna er torvtaka reinska for uønska vekstar.

Vi utbetra berekonstruksjonen for golvet i Gamlemuseet før sommarsesongen, og fekk samstundes fleire sitjeplassar inne i form av romtilpassa benkar, bygde på staden. Betre lys kom også på plass.

Inne vart hemsan i Språkverkstaden utbetra med nytt rekkverk slik at Tunkatten kunne flytte inn og ta imot store og små gjester.

I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde administrasjonen også dette året kontakt med Sverre Fehns arkitektontor og arkitektane Hille & Strandskogen. Henrik Hille og Ervin Strandskogen var dei nærmaste medarbeidarane hans i arbeidet med Ivar Aasen-tunet 1996–2000.

Nynorsk kultursentrum gjorde i 2007 avtale med Tussa om kjøp av kraft med 100% miljøgaranti ut heile 2008. Det inneber at all straum som blir nytta i tunet, kjem frå 100 % fornybare kjelder.

## **2.3 Ny utescene**

Arbeidet med å planleggje ny, større og permanent utescene tok til i 2003. Fire år etter resulterte dette i 2007 i løyingsvedtak i både Møre og Romsdal fylke, Ørsta kommune og Volda kommune. Det første ordinære byggjemøtet heldt byggjeleiar Ottar M. Skare 10.12.2007. Verksemdar med base i vertskommunane står for alle leveransar til prosjektet, med Volda Bygg som hovudentreprenør. Utescena står ferdig medio april 2008 og blir opna av H. K. H. Kronprins Haakon 30. april. Då plantar Kronprinsen også ny tunbjørk.

## **2.4 Ny tilkomst frå E39**

Den omlegginga av E39 som følgjer med det nye Eiksund-sambandet, gav seinhaustes 2007 ei betre og tryggare avkøyrsl til Aasen-tunet. Statens vegvesen tok ned viktige skilt i anleggsperioden, og i heile sommarsesongen var avkøyrsla til Ivar Aasen-tunet dårleg skil-ta.

Ved at Indrehovdevegen er tofeltsveg fram til parkeringsplassen vår, har vi fått betre høve til parkering på toppdagane. I praksis representerer dette svært mange ekstra parkeringsplassar ved særskilde høve. Arbeidet med å utvide eigen parkeringsplass på eigen grunn heldt likevel fram.

Saman med utvida rutetilbod på Ørsta-Volda lufthamn, Hovden fører det nye Eiksund-sambandet i 2008 til at Ivar Aasen-tunet ligg endå meir sentralt, ved ei av dei viktigaste rundkøyringane på Nordvestlandet.

## **2.5. Forankring i vertskommunane**

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær kontakt med desse. I 2007 var det to møte i dette kontaktutvalet. På eitt av dei møtte også Møre og Romsdal fylke.

Arbeidet med finansiering av utescena viste tydeleg at svært mange i både Ørsta og Volda ser på Nynorsk kultursentrum som ein viktig institusjon.

### 3. Dokumentasjon, forskning og formidling


Den største nyvinninga i 2007 var publiseringa av dei tre første årgangane av Fedraheimen i fulltekstformat. Verksemda var også særleg prega av at vi involverte oss tungt i det store prosjektet Norsk presses historie, fekk inn 87 nyskrivne barnesongar i Tunkattens songkonkurranse, og at vi var representerte ved endå fleire eksterne tilstelningar enn før. Direktøren heldt årstale nr. 7 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, som framleis er den einaste i sitt slag på heile kulturfeltet.

Det forpliktar at Nynorsk kultursentrum for mange er blitt eit kvalitetsargument.

#### 3.1 Arkiv og bibliotek

Gjennom året auka samlingane med 707 titlar og band. Den 1.1.2008 hadde vi såleis 56 128 titlar og band. Figur 2 viser utviklinga frå 2000.

Figur 2. Gjenstandar i alt 2000-2007




Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysisk. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepet *band/eksemplar*, der vi til dømes tel med enkeltteksemplar av særprent, enkeltårgangar av aviser, tidsskriftnummer m.m.

Omgrepet *titlar* er nedanfor brukt om tilvekst av monografiar, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, fotografi, originaldokument, arkiveiningar og enkeltgjenstandar. Av samlingane totalt var 15 548 titlar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, mot 15 153 i 2006. 28 % av samlingane er no tilfredsstillande registrerte, mot 27 % i 2006. Figur 3 viser utviklinga frå 2002.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Tilveksten av kulturhistoriske gjenstandar var på 404 titlar og/eller gjenstandar, i form av 284 trykte skrifter og 15 AV-media (videogram, musikk-CD-ar, CD-lydbøker og DVD), 1 arkiv og 104 førstedagsbrev. Talet på kunsthistoriske gjenstandar auka med 3 i 2007, medan fotografi auka med 300 titlar; hovudsakleg fotografi tekne og brukt i samband med eigne aktivitetar og arrangement.

Figur 3. Gjenstandar tilfredsstillande registrert 2002-2007



Biblioteket kjøpte i 2007 inn 129 trykte skrifter og 14 AV-media, og abonnerte på 66 tidsskrift og årbøker. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum 155 trykte skrifter og AV-media i gåve.

Biblioteket hadde totalt 385 utlån i 2007. Dette omfatta utlån til dei tilsette og til utstillingar frå eigne samlingar, utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek og utlån til andre bibliotek. Vi hadde 21 utlån til andre bibliotek, og sende frå oss 1 kopi.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS-basen tok til i 2001. Talet på DOKID tilsvarar talet på eksemplar som er registrerte i basen. Ved utgangen av 2007 var det registrert totalt 12 888 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt, av desse blei 395 titlar/eksemplar katalogisert i 2007.

Arbeidet med å registrere samlingane i Ivar Aasen-tunet er godt i gang, men det vil ta lang tid før alt er registrert. Den prioriterte delen av Djupedal-samlinga er no ferdig registrert, hovudsakleg faglitteratur, periodika, særprent og småtrykk. Rundt 8600 band i Djupedal-samlinga er no å finne i BIBSYS. I tillegg kjem 4300 trykte skrifter og AV-media som er tilvekst til samlingane elles. Til

saman blir dette rundt 12 900 band i BIB-SYS. Oversyn over titlar og årgangar av aviser og blad i Aure-samlinga er publisert på nettstaden.

Av plassgrunnar fører Nynorsk kultursentrum ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Kvart år får vi tilbod vi må takke nei til. I 2007 mottok vi eitt nytt arkiv – Kjell Hauglands arkiv som han i si tid gav til Jostein Nerbøvik. Arkivet inneheld grunnlagsmateriale om skulemål og blei bygt opp av Haugland då han arbeidde med bøker om sidemålsstriden i 1970-åra.

### 3.2 Samlingar

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

*Ivar Aasen-samlinga:* 225 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Arbeidet med å gå gjennom heile Aasen-samlinga for å samanlikne med Haukaas si liste frå 1946 blei avslutta i 2004. Den korrigererte lista over denne boksamlinga vil bli publisert på nettstaden.

*Reidar Djupedal-samlinga:* Samlinga inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika innan ulike fagområde, men med vekt på språk- og litteraturvitskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisks. Rundt 19 400 band er registrerte, og saman med vel 15 200 uregistrerte band utgjer samlinga i alt 34 600 band. I tillegg kjem 218 originale Aasen-dokument og 22 kartongar med avisklipp.

*Sivert Aarflot-arkivet:* Over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet, i første omgang fram til 2005, men avtalen blir fornya i 2008.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: Om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Ved overføringa frå Universitetsbiblioteket i Oslo/Nasjonalt biblioteket i Oslo

(NBO) var store delar av dette uordna materiale. Innhaldet har blitt ordna alfabetisk i tre kategoriar; skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent. Samlinga inneheld også ein del avisklipp som er med å gjere klipparkivet i Ivar Aasen-tunet unikt. Vi reknar med å kunne ta imot resten av Aure-samlinga i 2009.

*Arkiv for norsk målreising:* Dette er Peder Hovdans arkiv med 153 arkivboksar med avisklipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i dei enkelte kommunane fram til om lag 1950. Det Norske Samlaget eig arkivet, som var deponert på Universitetsbiblioteket i Oslo fram til hausten 2005, då samlinga blei frakta til Ivar Aasen-tunet for deponi her. Det Norske Samlaget skal før 10.2.2011 vurdere ei permanent deponering av arkivet i Aasen-tunet. Arkivet blir ordna av oss når vi har kapasitet, og det er aktuelt å skanne ein del avisklipp til nettstaden.

*Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005:* 155 kassetar og permar. Papirarkivet blei avslutta våren 2005 og erstatta med digital klippteneste frå iFoqus, og frå november 2006 Retriever.

Samlingane fekk ein sjenerøs tilvekst i 2007 då dokumentasjonsleiar Eirik Helleve gav ei komplett samling av førstedagsbrev med nynorske frimerke, 104 i talet, m.a. frå fleire forfattar- og komponistjubiläum.

### 3.3 Innkjøpte kunstverk

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt ut kunstsamlinga i Ivar Aasen-tunet. I 2007 kjøpte vi fem kunstverk:

- Inger-Lise Belsvik: *B for bjørnar*. Akryl og linotrykk
  - Inger-Lise Belsvik: *Ugla og katten*. Lino-trykk og kollasj
  - Roar Hagen: Teikning i VG 30.6.2007. Akvarell
  - Marvin Halleraker: *Stingsild*. Lysekte trykk på moab syrefritt papir
  - Marvin Halleraker: *Bladbøna*. Lysekte trykk på moab syrefritt papir
- Etter dette eig vi 40 kunstverk.

### 3.4 Dokumentasjon og forskning

Styret vedtok i 2005 *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006 – 2008*. Dette inneber at den tidlegare dokumentasjons- og forskingsplanen er slått saman med delar av innsamlings- og bevaringsplanen. Resten blei teke med i *Sikrings- og bevaringsplan 2006-2008*, som styret vedtok i 2006.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepet *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. I den nyaste større museumsutgreiinga, *NOU 1996:7*, ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar, altså som eit synonym for systematisk registrering. I planen vår har vi prøvt å gi omgrepet eit meir presist innhald:

”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse.”

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forskning lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitenskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

### 3.5 Eigne dokumentasjonsprosjekt

I 2007 var desse 11 dokumentasjonsprosjekta i gang i eigen regi:

*Nynorsk faktabok 2005* (frå 1999) av Ottar Grepstad er den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av nynorsk skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Boka inneheld nesten 400 tabellar og figurar, og er på 785 sider. Fram til utgangen av 2008 blir det jamlege oppdateringar på nettet; neste komplette utgåva er planlagt for 2009.

*Nettbiblioteket* (frå 2001): Den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

*Nynorske dikt og songar* (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving. I 2004 publiserte vi m.a. fleire av dei klassiske julesongane.

*Ivar Aasen-bibliografi* (frå 2002): Ein selektiv bibliografi frå 1977 blei i 2002 oppdatert, og vil bli oppdatert årleg frå og med 2009.

*Det nynorske Noregskartet* (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar, nynorsk liturgi, Nynorsk Salmebok, vedtak om tenestemål og målform på informasjon frå Postverket. Til vandreutstillinga *Viljen til språk* visualiserte vi for første gong materiale frå denne databasen, i form av eit Noregskart som viste når den første skulekrinsen i kvar kommune tok i bruk nynorsk.

*Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen"* (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet. Arbeidet blir truleg avslutta i 2008.

*Historia om Ivar Aasen-museet* (frå 2003): Tidlegare museumsstyrar Jens Kåre Engeset publiserte eit historisk oversyn hausten 2003. Vi arbeider vidare med dette historiske materialet med ujamne mellomrom. Dokumentasjonsleiar Eirik Helleve har funne mykje nytt stoff frå tida 1896-1900, og samla dette i ein artikkel som blei publisert i årsskriftet til Hovdebygda sog- og velferdslag i 2005.

*Språkpolitikk i partiprogramma* (frå 2004): Komplette dokumentasjon av alt som partia

på Stortinget har vedteke om språkpolitikk i partiprogramma sine frå og med 1906. Ny utgåve blir laga våren 2009.

*Digitalisering av illustrasjonsarkivet til Norsk allkunnebok* (frå 2004): I tråd med avtale vi gjorde med Nasjonalbiblioteket hausten 2004 ordnar vi dette arkivet og digitaliserte illustrasjonar til eige bruk etter behov. Arbeidet blei gjennomført vinteren 2005. Vi digitaliserte i underkant av 300 bilete, i all hovudsak portrett av nynorskbrukarar. Arkivet var ikkje så omfattande som vi hadde trudd, og inneheldt på langt nær alle illustrasjonane frå det store oppslagsverket.

*"Makta over språket". Årstale nr. 7 om tilstanden for nynorsk skriftkultur* blei halden i Griegakademiet i Bergen 25.9.2007. Heile talen handla om den uløyste læremiddelsaka og strategiar for å løyse denne ein gong for alle.

*Digitalisering av Fedraheimen* (frå 2005): Ved sida av *Dølen* (1858–70) var *Fedraheimen* (1877–91) den viktigaste landsmålsavisa på 1800-talet. I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å gjere heile avisa tilgjengeleg på Internett, i fulltekst. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Norsk Ordbok 2014 digitaliserer all teksten, for bruk i nynorskorpuset sitt, og vi får kopiar av desse tekstfilene. Kvar fil inneheld all tekst frå eit avisnummer, og før vi legg dette ut på nettet må desse filene delast opp i nye filer, ei for kvar artikkel. Arbeidet med å leggje filene til rette for Internett-publisering tok til sommaren 2005, og ved utgangen av 2007 var dei tre første årgangane publiserte. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar.

### 3.6 Eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekt

I 2007 var desse fem eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekta i gang med utgangspunkt i samlingane våre

*Mastergrad i nynorsk skriftkultur* (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og

det kan bli aktuelt med både førelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side.

*Biografi om Elias Blix* (2002–2007): Anders Aschim gir vinteren 2008 ut ein grundig biografi om Elias Blix. Han har ofte vore i kontakt om materiale frå samlingane våre.

*Det åpne språket* (frå 2003): Ivar Aasen-instituttet sette hausten 2003 i gang dette forskingsprosjektet om norsk målreisingsso-ge 1739 – 2005, som resulterer i to doktoravhandlingar. Særleg ein av forskarane har brukt samlingane mykje. Den eine avhandlinga blei levert i 2007, den andre er venta i 2008.

*Tidleg nynorsk bibelmål* (frå 2003): Per Halse arbeider med doktoravhandling om tidleg nynorsk kyrkjemål, og har brukt samlingane i Ivar Aasen-tunet som ein del av grunnlaget for studiane sine.

*Norsk presses historie* (frå 2004): Ei samla framstilling av norsk pressehistorie 1763–2010 skal liggje føre til Norsk Presseforbund og Mediebedriftenes Landsforening fyller 100 år i 2010. Målet er å gi ny og systematisk kunnskap om norsk pressehistorie innanfor ramma av eit firebandsverk av høg kvalitet. Ei prosjektgruppe frå Norsk Pressehistorisk Forening leier arbeidet, der dei faglege perspektiva er pressa si samfunnsrolle, journalistikk, teknologi og marknad. Ottar Grepstad skal levere eit manuskript om nynorsk pressehistorie til bruk i verket. Ein større arbeidskonferanse i Aasen-tunet hausten 2007 la grunnlaget for ei meir samla forståing av særtrekk og mangfald i nynorsk presse, og denne pressa sin plass i det norske mediebildet.

### 3.7 Nynorskbasen

Som ein del av arbeidet med *Nynorsk leksikon* har administrasjonen frå sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*, ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2007 var det registrert informasjon om 3580 personar. Det vil seie 24 fleire enn ved førre årsskiftet. 16 % av personane i basen var kvinner. Meir utførleg biografisk informasjon ligg føre om 2831 personar, for intern bruk.



### 3.8 Artikkelarkivet

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klippte også ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla, dannar Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet. Ved årsskiftet hadde arkivet 5760 utklipp, fordelt på om lag 760 personar, institusjonar og organisasjonar.

I 2007 klippte vi fast frå Aftenposten, Bergens Tidende, Dag og Tid, Dagbladet, Klassekampen og Sunnmørsposten. I tillegg tek vi vare på artiklar frå andre aviser og ulike nettstader som vi kjem over. Også eldre artiklar, som til dømes har vore brukte i arbeidet med temautstillingar, blir tekne med i Artikkelarkivet. Arbeidet har vore tidkrevjande, og frå 2008 blir klippinga avgrensa til hovudsakleg biografisk materiale og intervju som vi kjem over utan systematiske søk.

Artikkelarkivet gir verdfull grunnlagsinformasjon både for Nynorskbasen og for det store prosjektet *1001 tekstar*.

### 3.9 Foredrag

Tilsette heldt i 2007 13 større foredrag og presentasjonar. Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

Ottar Grepstad: "Ivar Aasens store alvor – og vår tids glede". Biletkāseri Pensjonistuniversitetet i Førde 17.1.

– : "Nynorsk i dagens Noreg". Presentasjon for 6. kull ved Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 31.1.

– : "Sjølvtillit, sjølv sagt". Kāseri i Bondalen Pensjonistlag i Ørsta 30.5.

– : "Makta over språket". Årstale nr. 7 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Griegakademiet i Bergen 26.9.

– : "Nynorsk i statsbudsjettet". Presentasjon for 7. kull ved Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 5.10.

– : "Kjelder til eksamenstekstar". Presentasjon på møte i Utdanningsdirektoratet, Ivar Aasen-tunet 23.10.

– : "Stor i ord, liten på jord". Innleiing på fylkeskulturkonferansen til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Aurland 1.11.

– : "Ivar Aasens store alvor – og vår tids glede". Biletkāseri i lensmannsgarden i Jon-dal 1.11.

– : Deltaking i debatt om nynorsk litteratur er på frammarsj under Nynorske litteraturdagar i Aurland 3.11.

– : "Nynorskpressa som kultur- og identitetsskapande faktor 1858-1870". Opningsforedrag på konferansen "Vendepunkt i nynorsk presse", Ivar Aasen-tunet 7.11.

– : "Ivar Aasens store alvor – og vår tids glede". Biletkāseri i Vindafjordhallen, Vindafjord 14.11.

– : "Når eit språk blir omsett til handling". Foredrag på NFFs omsetjarseminar, Soria Moria i Oslo 17.11.

Eirik Helleve: "Fedraheimen på nett – ein premiere". Foredrag på konferansen "Vendepunkt i nynorsk presse", Ivar Aasen-tunet 7.11.

### 3.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet

Nynorsk kultursentrum ønskjer ikkje å bruke tid og pengar på å vere sin eigen forleggjar. Derimot har vi etter kvart sett eit behov for raskt å kunne spreie informasjon til definerte målgrupper. Frå og med 2004 gir vi ut ein enkel serie av småskrifter, produsert på kopimaskinen for rask produksjon, rask distribusjon, bruk og kast. Alle småskriftene blir også publiserte på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet* skal innehalde artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske og faglege spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. I 2007 kom det ingen nye nummer i serien.

### 3.11 Andre trykte og elektroniske skrifter

Ottar Grepstad: *Makt, språk og demokrati*. Utkast til eit kapittel i stortingsmelding om språk. Innspel til Kultur- og kyrkjedepartementet 15.2. (60 s)

– : "Skuggeskrivarens makt og avmakt", i *Festskrift til Sveinung Time 18.6.2007*, s. 180–192

– : "Er norsklektorane i Førde gode nok?", Bergens Tidende 21.3.2007

– : "Er norsklektorane gode nok?", Firda 23.3.2007

– : "Er norsklektorane i Førde gode nok i norsk?", Sunnmørsposten 10.4.2007

– : ”Førde-undersøkinga held ikkje mål”, Sunnmørsposten 2.5.2007  
 – : ”Her oppe er verdi den same”, Dag og Tid 3.8.2007  
 – : ”Gjer som FrP i Ørsta: Sei ja til ny utescene i Ørsta no”, Møre-Nytt 6.9.2007  
 – : ”Gjer som FrP i Ørsta: Sei ja til ny utescene i Ørsta no”, Møre 6.9.2007  
 – : ”Makta over språket”. Bergens Tidende 26.9.2007  
 – : ”Hegemoniets usjarmerande framferd”, Dag og Tid 28.9.2007  
 – : ”Til lykke, Oslo”, Aftenposten 10.10.2007  
 – : ”Kvinner skriv bokmål?”, Dag og Tid 14.12.2007  
 Peder Hovdan: ”Um målreisingi på Voss. Andre deildi”, *Gamalt frå Voss* 2007 [lagd til rette av Eirik Helleve]

### 3.12 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 63 eksterne tilstellingar i 2007, mot 47 året før:

- Omvising og møte med arbeids- og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hanssen og kunnskapsminister Øystein Djupedal i Ivar Aasen-tunet 12.1.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl, Marit Neergaard
- Kulturtorget i Molde 25.–27.1.: Marit Neergaard, Åshild Widerøe
- Avsparkseminar for Garborg-senteret på Bryne 30.1.: Ottar Grepstad
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 6.2.: Ottar Grepstad
- Møte i Sjustjerna, eit interkommunalt samarbeid mellom skulekontora på Søre Sunnmøre, i Ivar Aasen-tunet 9.2.: Ottar Grepstad
- Møte i styringsgruppa for forprosjekt Jon Fosse-arkivet i Oslo 14.2.: Ottar Grepstad
- Informasjonsmøte for pensjonistgrupper i regi av Fjord1 i Ålesund 14.2.: Ingrid I. Opedal, Marit Neergaard
- Møte i abm-utvalet i fylket i Ålesund 15.2.: Eirik Helleve
- Premiere på *Storm frå nordvest* på Sogn og Fjordane Teater 2.3.: Ottar Grepstad, Åshild Widerøe
- Lansering av band 6 i Norsk Ordbok i Oslo 6.3.: Ottar Grepstad
- Møte mellom ABM-utvikling, fylket og musea i fylket i Molde 13.3.: Ottar Grepstad
- Møte i fagrådet ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i Volda 22.3.: Ottar Grepstad
- Møte i fagrådet for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i Volda 22.3.: Ottar Grepstad
- Årsmøte Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 28.3.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Norske Festivaler på Lillehammer 28.–29.3.: Åshild Widerøe
- VossaJazz 30.3.–1.4.: Ottar Grepstad
- Offisiell opning av Rasmus Løland-markeringa i Suldal 13.4.: Åshild Widerøe
- Årsmøte i BIBSYS i Oslo 19.4.: Kirsti Langstøyl
- Seminar om samlingsforvaltning i regi av ABM-utvikling i Sandvika 25.–26.4.: Kirsti Langstøyl
- Årsmøte i Musea i Møre og Romsdal og fagdag i Ålesund 26.–27.4.: Ottar Grepstad
- Landsmøte i Noregs Mållag i Stjørdal 27.–29.4.: Grete Riise
- Omvising og møte med fornyings- og administrasjonsminister Heidi Grande Røys i Ivar Aasen-tunet 1.5.: Ottar Grepstad
- Kurs i gjenstandsregistreringsprogrammet Primus i Molde 2.–3.5.: Eirik Helleve
- Ekstra kontaktmøte med vertskommunane i Aasen-tunet 7.5.: Oddvar Haugland, Ottar Grepstad
- Avsparkseminar for sommarsesongen i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 15.5.: Gaute Øvereng
- Møte i styringsgruppa for forprosjekt om Jon Fosse-arkivet i Oslo 22.5.: Ottar Grepstad
- Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 15.6.: Ottar Grepstad
- Petter Dass-dagene i Alstahaug 16.–17.6.: Ottar Grepstad

- Bremuseet i Fjærland 27.7.: Ottar Grepstad
- Førde Internasjonale Folkemusikkfestival i Førde 6.–8.7.: Ingrid I. Opedal og Åshild Widerøe
- Jørn Hilme-stemnet på Fagernes 28.7.: Ottar Grepstad
- Olsokspel i Tyllidalen 29.7.: Ottar Grepstad
- Kolbotn ved Savalen 30.7.: Ottar Grepstad
- Aukrust-senteret i Alvdal 30.7.: Ottar Grepstad
- Fedraheimen-stova på Tynset 30.7.: Ottar Grepstad
- Norge i Rørvik 1.8.: Ottar Grepstad
- Ringve i Trondheim 2.8.: Ottar Grepstad
- Diktardagane i Lom 9.–11.8.: Ottar Grepstad
- Lansering haustlista i Det Norske Samlaget i Oslo 15.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum og Åshild Widerøe
- Møte mellom Nynorsk Forum og Kunnskapsdepartementet i Oslo 23.8.: Ottar Grepstad
- Landstinget i Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Vågå-seminaret 27.–29.8.: Ingrid I. Opedal
- Landsmøte i Norges Museumsforbund i Loen 5.–7.9.: Ottar Grepstad
- Pressekonferanse om nynorskpakke i statsbudsjettet 2008, i regi av Senterpartiet, i Oslo 6.9.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i ICOM Norge i Loen 7.9.: Ottar Grepstad
- Litteraturdagane i Vinje 20.–23.9.: Ottar Grepstad, Eirik Helleve
- Eventyrnatt på Fortellersenteret i Sandnes 28.–29.9.: Åshild Widerøe
- Møte i kontaktutvalet om utescene med Møre og Romsdal fylke, Ørsta kommune og Volda kommune i Ivar Aasen-tunet 4.10.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum
- Jordferd for Bjørg Engeset i Ørsta kyrkje 5.10.: Magni Hjertenenes Flyum og Knut-Johann Jørgensen
- Forfattarslepp i Bergen 12.–14.10.: Åshild Widerøe
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 18.10.: Ottar Grepstad
- Høyring om læremiddel i skulen i regi av Noregs Mållag og Løvebakken Mållag i Stortinget, Oslo 18.10.: Ottar Grepstad
- Medlemsmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ivar Aasen-tunet 22.10.: Magni Hjertenenes Flyum, Ingrid I. Opedal, Gaute Øvereng
- Møte med forprosjektgruppe for opplevingsstad for Jon Fosse i Strandebarm, i Jondal 1.11.: Ottar Grepstad
- Premiere på ”Vestlandsrevyen” i Bergen 2.11.: Grete Riise, Ottar Grepstad, Åshild Widerøe
- Fylkeskulturkonferansen ”Kultur, natur og reiseliv i Møre og Romsdal” på Åndalsnes 6.–7.11.: Magni Hjertenenes Flyum
- Konferansen ”Vendepunkt i nynorsk presse” i regi av Nynorsk kultursentrum, i Ivar Aasen-tunet 7.–8.11.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenenes Flyum, Eirik Helleve, Kirsti Langstøyl, Gaute Øvereng
- Møte med Olav H. Hauge-stiftinga i Ivar Aasen-tunet 13.11.: Ottar Grepstad
- Kultur- og kyrkjedepartementets konferanse ”Mer demokrati – mer kultur”, Oslo 14.11.: Ottar Grepstad
- Norsk kulturråds årskonferanse i Stavanger 15.–16.11.: Ottar Grepstad
- Offisiell feiring av 100-årsjubileet for Halldis Moren Vesaas i Oslo 17.11.: Ottar Grepstad
- Regionmøte for bibliotektilsette på søre Sunnmøre i Ørsta og Ivar Aasen-tunet 19.11.: Kirsti Langstøyl og Eirik Helleve
- Årsmøte i Rasmus Løland-stiftinga i Stavanger 5.12.: Magni Hjertenenes Flyum
- Opning av Sverre Fehns ombygde Gylendal-hus i Oslo 14.12.: Ottar Grepstad

### 3.13 Europeisk studietur

Som ein del av fornyinga av basisutstillinga og utvikling av grunnlaget for 200-årsjubileet i 2013 gjennomførte direktøren ein studietur til tyske museum 9.–15.4. Desse 13 musea og utstillingane blei vitja:

1. Literaturmuseum der Moderne, Marbach am Neckar

2. Schiller-NationalMuseum, Marbach am Neckar
3. Geburtshaus Schiller, Marbach am Neckar
4. Literaturhaus Stuttgart, Stuttgart
5. BibelMuseum, Möhringen
6. Museum für Literatur am Oberrhein, Karlsruhe
7. Gutenberg Museum, Mainz
8. Goethe Haus, Frankfurt am Main
9. Phäno, Wolfsburg
10. Jüdisches Museum, Berlin
11. Utstillinga "Kunst und Propaganda", Deutsches Historisches Museum, Berlin
12. Utstillinga "Parteidiktatur und Alltag in der DDR", Deutsches Historisches Museum, Berlin
13. Die Herr der Ringe Ausstellung, Berlin

### 3.14 Tunkattens songkonkurranse

For å få fram nye norske songar for små barn lyste vi i april ut ein konkurranse om nye barnesongar. Til fristen 15.8.2007 kom det inn 87 bidrag.

I juryen sat Maj-Britt Andersen, Runar Gudnason og Anne Marta Vinsrygg Vadstein (Nynorsk kultursentrum).

Juryen kåra "Knokkelrock" av Ingvill Sandnes (Naustdal) og "Bøna" av Elisabeth Moldestad (Fitjar) og Ragnar Bull (Holmedal) som to likeverdige vinnarar. Dei tre songskrivarane delte premiepotten på 10 000 kr.

Vinnarane blei presenterte i Førde 24.10. Der blei songane framførte for første gong for 30 fjerdeklassingar på Slåtten skule.

### 3.15 Publikumssørvis

Også i 2007 heldt vi fast ved garantien frå 2000 om at vi svarar på relevante spørsmål innan 48 timar. Vi får stadig fleire spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange av spørsmåla er frå skuleelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er òg vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Både

spørsmål og svar blir tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

## 4. Utstillingar

Utstillingsavdelinga auka omsetninga med heile 81 % frå 703 000 kr i 2006 til 1 124 000 kr i 2007. Resultatet blei eit overskot på 98 000 kr mot 111 000 kr året før. I 2007 hadde vi 6271 utstillingsgjester, mot 5500 året før. For vandreutstillingane får vi diverre berre unntaksvis informasjon om gjestetale, og desse blir difor aldri rekna med.

### 4.1 Basisutstillinga

Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Det blir difor misvisande å omtale basisutstillinga som ferdig, men inngrepa i utstillinga blir no omtalte som endringar, ikkje som ferdiggjering. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane i form av dagens sitat og ferske utgåver av nynorskredigerte aviser.

Arbeidet med det første store inngrepet i basisutstillinga tok til i 2005. Endringane blei ikkje ferdigstilte, men blir frå 2007 førte vidare på grunnlag av ei løyving på 1 million kr frå Fritt Ord, fordelt over to år. Dei første endringane kom på plass før sommaren 2007:

Vi endra mykje i Språkverkstaden og har no fått sikra hemsen for fri bruk av barn. Hemsen blir også hybel for tunkatten Lurivar, og er blitt ein triveleg stad med mykje lesestoff og gode puter i tunkattfargar.

I Språkverkstaden skifta vi ut iMac-ane som har stått der sidan 2000, med nyaste utgåve av same maskinane.

Vi laga ti nye plansjar på 1x1 m som alle handlar om språkleg sjølvtilitt, og fleire av dei er særleg retta inn mot barn og unge. To av plansjane er interaktive ved at publikum løyser oppgåver på magnetavler. Tekstmengda er kraftig redusert; det har aldri vore mindre nynorsk i Aasen-tunet enn no.

Etter avtale med Arne Nordheim justerte vi også balansen mellom verbale språk og

musikalsk tonespråk i verket Språksymfoni-  
en. Først no er dette verket installert slik det  
skulle vere alt i 2000.

Dei endringane vi gjer i 2008, vil alle vere  
prega av vide internasjonale perspektiv på  
språk, med stoff og tilnærmingar ingen har  
sett før. Hovudkonsulent og nøkkelpedar-  
beidar er Rolf Theil. I tillegg samarbeider vi  
med Matthew Bates frå Mystus Exhibits i  
Toronto.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presen-  
terer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir  
nokre av dei skifta ut. I 2007 gjorde vi éi  
endring:

26.9. Jon Fosse inn, Halldis Moren Vesaas  
ut

Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju  
og bokmeldingar i ein perm. Permen blir  
seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av  
det innsamla materialet blir plassert i artik-  
kelarkivet. I utstillingsperioden låner vi òg  
inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike  
forfattarane. Til no har vi presentert 26 for-  
fattarar i Forfattarrommet.

I *aktualitetshylla* kjem skifta med ujamne  
mellomrom. Gjennom året var delar av hylla  
brukt til temautstillingar. I 2007 la vi fram  
rundt 50 avisklipp og eigne tekstar om ulike  
emne. Dette er omtrent som føregåande år.

## 4.2 Temautstillingar

I 2007 viste vi seks temautstillingar i Ivar  
Aasen-tunet. To av desse var nye, som før  
med Aina Griffin som formgivar:

– 23.1. *Striper, ruter, bobler* (vist første gongen  
februar 2003)

24.1. – 11.4. *Viljen til språk*. Noregs Mållag  
100 år (vist første gongen januar 2006)

12.4. – 27.6. *Musikken i språket*. Frode Gryt-  
ten (vist første gongen i 2004)

28.6 – 24.9. **NY** *Store forteljingar for små øyre*.  
Barne- og ungdomsbøker frå Løland til Os-  
land

25.9. – 4.11. **NY** *Halldis i livet*. Halldis Moren  
Vesaas 1907–1995

5.11. – *Olaug Nilssens basar* (vist første gong-  
en i 2006)

I begge dei nye temautstillingane laga vi  
både rullebanner og vanlege plansjar.

Temautstillingane blir henta fram att etter  
behov slik at dei kan bli sett av flest mogleg,

og slik at basisutstillinga jamleg er i endring.  
Ved utgangen av 2007 har vi produsert 20  
temautstillingar.


## 4.3 Vandreutstillingar

I alt hadde vi 11 utlån av 9 ulike utstillingar i  
2007, mot 35 utlån av 6 ulike utstillingar i  
2006.

Temautstillingane er spesiallaga til eit rom  
i utstillinga, men har eit format som gjer det  
lett å frakte dei og vise dei fram andre stader.  
Etter det store utlånet av vandreutstillingar i  
jubileumsåret til Noregs Mållag i 2006, var  
etterspurnaden som venta mindre i 2007.  
Framleis er det slik at tidlegare låntakarar  
gjerne ønskjer fleire vandreutstillingar frå  
oss, og det viser at utstillingane fungerer  
godt også utanfor Ivar Aasen-tunet. Biblio-  
teka er no dei som bruker utstillingane våre  
mest.

Sidan 2000 har vi i alt hatt 79 utlån av 16  
ulike utstillingar i 17 fylke.

Figur 4. Tal utlånte vandreutstillingar  
2000-2007



*Songen om kysten* (2000)

Norheimsund 12.5.–1.11.

*Kaffikoppens kulturelle kraft* (2001)

Ålesund 2.9.–4.11.

*Diktarens litterære liv* (2001)

Osterøy 1.12.–31.12.

*Striper, ruter, bobler* (2004)

Ålesund 2.2.–10.4.

*Musikken i språket* (2004)

Odda 11.10.–31.10.

*I Edvard Hoems tid* (2005)

Odda 1.11.–30.11.

*Olaug Nilssens basar* (2006)  
Odda 1.10.–31.10.

*Store forteljingar for små øyre* (2007)  
Sand 1.10.2007–31.3.2008

*Halldis i livet* (2007)  
Åmot 21.9.–31.12.  
Trysil 23.10.–4.11.  
Oslo 12.11.–31.12.

#### 4.4 Undrande og skapande

På initiativ frå Nynorsk kultursentrum gjekk tre museum saman om å lage ei stor tema- og vandreutstilling i høve Rasmus Løland-markeringa 2007–2011. Utstillinga *Undrande og skapande* er sett saman av tre temautstillingar:

- Ryfylkemuseet: *Sølvkannuniverset – Rasmus Løland og bygda*, opna 25.5.
- Nynorsk kultursentrum: *Store forteljingar for små øyre*, opna 28.6.
- Asker Museum: *Fantasien er din egen*, opna 7.10.

Element frå desse utstillingane blir i 2008 sette saman til éi vandreutstilling.

Eirik Helleve var prosjektleiar for heile arbeidet.

Prosjektet har fått tilskot frå Norsk kulturråd, Fritt Ord og Rasmus Løland-markeringa.

#### 4.5. Vår eiga institusjonshistorie

Som ein del av fornyinga av basisutstillinga laga vi i Gamlemuseet ei fotoutstilling som viser aktiviteten i tunet frå 1893 til i dag. Denne utstillinga blir ståande nokre år, men bilete blir skifta ut etter behov. Vår eiga institusjonshistorie blir også dokumentert og formidla gjennom tre veggstore fotografi frå 1893–98 som kom på plass i kafeen før Dei Nynorske Festspela 2007. Med desse blir den gamle og så den nye tida knytt saman i Ivar Aasen-tunet.

#### 4.6 Rom for litteratur

Best Western Hotell Bondeheimen sette i 2005 i gang ei større ombygging som skal styrkje den posisjonen dei har som kulturhotell. Kvart rom skal knyttast til ein forfattar eller annan kulturperson. Nynorsk kultur-

sentrum står for utval av personar, tekstar og illustrasjonar. Første fase av prosjektet blei avslutta våren 2006, og prosjektet heldt fram hausten 2007. I 2008 skal alle dei 127 romma ha blitt rom for litteratur, med tilsvarende oppussing av både resepsjon og andre publikumsområde.

## 5. Tilbod til barn og unge

I 2007 hadde vi 4621 gjester på arrangement for barn og skuleelevar, mot 4180 i 2006. Av dette var 4190 elevar på program i regi av Den kulturelle skulesekken. For første gong brukte meir enn 4000 skuleelevar skuleprogramma våre. Det vil seie at kvar fjerde gjest hørte til i desse gruppene. Kor mange barn og unge som brukte nettstadene, er ukjent.

Tilbodet til desse gruppene blir breiare for kvart år. Det viktigaste nye i år var tunkatten.no og *Katta i sekken*, eit elevprogram som skal fremje leselyst, språkglede og kjennskap til nyare norsk barnelitteratur i 1.–4. klasse.

Vi gjennomførte 53 framsyningar i to fylke av dei to elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken*.

Også i 2007 hadde vi eit godt samarbeid med vertskommunane om tilbod innanfor Den kulturelle skulesekken på tre klassesteg.

#### 5.1 Katta i sekken

Med tunkatten Lurivar har vi fått ein stolt og spenstig ambassadør for nynorsk barnelitteratur. I 2007 hadde Lurivar mange spesialomvisingar i tunet i sommarsesongen, butikken utvikla dei første varene med tilknytning til tunkatten, og 14.10. var det open premiere på *Katta i sekken*, eit elevprogram om leselyst og nyare norsk barnelitteratur.

Framsyninga er skriven av Hilde Myklebust og har to roller: Tunkatten, spelt av Kristin Bolstad, og forfattaren, spelt av Hilde Myklebust. Regi er ved Arild Støfring, og Gaute Øvereng har laga melodiar til to songar i elevprogrammet. I alt var 1298 med på dette programmet.

I desember opna over 700 brukarar tun-kattens adventskalender på [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no), mot 400 i 2006.

Butikken utvikla og hadde for sal mat-boks og to puslespel. Kafégjester kunne låne to store puslespel på 50 x 50 cm. I sommar-sesongen kunne born lage sine egne tun-kattbokmerke og få dei laminerte.

Kvar tysdag og fredag i juli hadde tunkat-ten Lurivar spesialomvising for til saman 138 born, etter eit manuskript av formidlingsleiar Anne Marta Vinsrygg Vadstein. Her veksla Maria Bjørlykke og Kristin Bolstad i rolla som Lurivar.

Tunkatten arbeidde hausten 2007 med ei digital songbok for lansering i januar 2008.

## 5.2 Standard skuletilbod

Heilt sidan skuleåret 2000/2001 har Ny-norsk kultursentrum hatt skuletilbod for alle klassesteg frå barnehage til og med vidaregå-ande skule. Med åra har vi revidert og utvida dette skuletilbodet, som no inneheld 15 ulike opplegg.

Barnehage: Leit og leik

1. klasse: Ein skuledag i gamle dagar
2. klasse: Ut i naturen
3. klasse: Ivar Aasens oppvekstår
4. klasse: Teikneseriar
5. klasse: Dikt
6. klasse: Ivar Aasen og dialektar
6. klasse: Det ligg mellom linjene
7. klasse: Den lokale skriftkulturen
8. klasse: Ivar Aasens verk
9. klasse: Språk, skrift og teikn
10. klasse: Skulen som språkleg slagmark
- Vg 1: Sosiale endringar i språket
- Vg 2: Skriftlege massemedium
- Vg 3: Dialektar

20 grupper med til saman 431 elevar brukte desse skuletilboda i Ivar Aasen-tunet i 2007, mot 30 grupper med til saman 1147 elevar i 2006. Skulane kan velje fritt mellom dei ulike tilboda, eller dei kan be om spesial-tilpassa opplegg. Mange klassar ber om opp-legg som inneheld meir enn eitt tema.

Vi hadde besøk av 14 studentgrupper med til saman 296 studentar, mot 6 grupper med til saman 71 studentar i 2006. Student-gruppene bruker gjerne nokre av tilboda

retta mot grunnskulen, men tilpassa studen-tane.

Utanom det som blir nemnt nedanfor, er skuleklassar gjennom året også med på kul-turarrangement som er særskilt retta mot dei.

## 5.3 Den kulturelle skulesekken i tunet

Sidan skuleåret 2005/2006 har vi samar-beidd med vertskommunane om tre pro-gram innanfor Den kulturelle skulesekken. Dei tre programma har involvert alle elevane på tre ulike klassesteg – 3., 6. og 10. klasse. Kvart skuleår blir dermed om lag 750 elevar med på desse programma. Som året før gjennomførte vi også i 2007 ei enkel evaluer-ing blant dei lærarane som var med. Tilba-kemeldingane har vore svært gode.

Det gode samarbeidet med Fjord1 Buss Møre heldt fram i 2007; transportselskapet stod for skyss av alle elevane til og frå Aa-sen-tunet. Dermed blei ikkje reisekostnadene noko hinder for skulane. Dei som treng an-nan skyss, får dekt desse utgiftene av verts-kommunen.

### 3. klasse: Bli kjend med Ivar Aasen

For nokre elevar er dette det første møtet med både personen og tunet. Med dette programmet skal elevane bli kjende med Aasen og arbeidet hans, særleg barndom og oppvekst. I 2007 gjennomførte Heidi Aar-seth og Hans Petter Aarset programmet.

### 6. klasse: Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn og arkitekturen i Aasen-tunet

I L97 var Sverre Fehn eitt av namna som 6.-klassingane skulle møte i kunst- og hand-verkfaget. I Kunnskapsløftet er namnet ikkje lenger utheva, men tilbodet er like aktuelt. I dette programmet blir elevane kjende med korleis ein arkitekt tenkjer og det særmerkte ved Ivar Aasen-tunet, dei får impulsar om kva arkitektur har å seie, får oppleve detaljar i heilskapen, og til sist set dei – som Fehn – sin eigen signatur på sjølv laga husteikning.

### 10. klasse: Det undrande språket

Dette er eit elevprogram om språk og identi-tet som vi har hatt på plakaten sidan hausten 2004. Til no har 2898 elevar i fire fylke vore med på dette programmet.



Programmet blir gjennomført av formidlingsleiar saman med ein profilert nynorsk-brukar, i 2007 Runar Gudnason. I samtale med elevane set dei på dagsorden rare og flotte dialektord, språkendingar, knoting, språk og makt og språkvanar. Fleire utstillingsselement i form av rullebanner blir brukte i programmet.

#### 5.4 Den kulturelle skulesekken på turné

På turné gjennomførte vi 71 framsyningar i 13 kommunar der til saman 1971 elevar og lærarar var med.

Vi gjennomførte 17 framsyningar av *Det undrande språket* for 772 elevar og 51 lærarar ved sju skular i sju kommunar i Møre og Romsdal. Alle framsyningane var ved Runar Gudnason og formidlingsleiar Anne Marta Vinsrygg Vadstein. Turneane var eit samarbeid med Kultursekken.

**Tabell 1**  
"Det undrande språket" på turné 2007

|              |                                        | Elev-ar    | Lærar-ar  | I alt      |
|--------------|----------------------------------------|------------|-----------|------------|
| 5.2.         | Spjelkavik ungdomsskule, Ålesund       | 49         | 5         | 54         |
| 5.2.         | Spjelkavik ungdomsskule, Ålesund       | 47         | 6         | 53         |
| 6.2.         | Spjelkavik ungdomsskule, Ålesund       | 48         | 4         | 52         |
| 6.2.         | Spjelkavik ungdomsskule, Ålesund       | 46         | 5         | 51         |
| 7.2.         | Spjelkavik ungdomsskule, Ålesund       | 45         | 4         | 49         |
| 7.2.         | Spjelkavik ungdomsskule, Ålesund       | 48         | 4         | 52         |
| 8.2.         | Ulstein ungdomsskule, Ulsteinvik       | 22         | 1         | 23         |
| 8.2.         | Ulstein ungdomsskule, Ulsteinvik       | 25         | 1         | 26         |
| 9.2.         | Ulstein ungdomsskule, Ulsteinvik       | 26         | 1         | 27         |
| 9.2.         | Ulstein ungdomsskule, Ulsteinvik       | 23         | 1         | 24         |
| 2.5.         | Midsund skule, Midsund                 | 31         | 1         | 32         |
| 3.5.         | Vågsetra barne- og ungdomsskule, Molde | 32         | 1         | 33         |
| 3.5.         | Vågsetra barne- og ungdomsskule, Molde | 31         | 1         | 32         |
| 4.5.         | Godøy skule, Giske                     | 27         | 1         | 28         |
| 4.5.         | Godøy skule, Giske                     | 29         | 1         | 30         |
| 1.10.        | Lepsøy skule, Haram                    | 41         | 6         | 47         |
| 2.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 26         | 1         | 27         |
| 2.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 25         | 1         | 26         |
| 3.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 27         | 1         | 28         |
| 3.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 25         | 1         | 26         |
| 4.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 24         | 1         | 25         |
| 4.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 25         | 1         | 26         |
| 5.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 27         | 1         | 28         |
| 5.10.        | Sykkylven ungdomsskule, Sykkylven      | 23         | 1         | 24         |
| <b>I alt</b> |                                        | <b>772</b> | <b>51</b> | <b>823</b> |

Vi gjennomførte 45 framsyningar av *Katta i sekken* for 1094 elevar og 54 lærarar ved 20


skular i seks kommunar i Møre og Romsdal. Alle framsyningane var ved Kristin Bolstad og Hilde Myklebust. Turneane var eit samarbeid med Kultursekken.

**Tabell 2**  
"Katta i sekken" på turné 2007

|              |                                           | Elev-ar     | Lærar-ar  | I alt       |
|--------------|-------------------------------------------|-------------|-----------|-------------|
| 15.10.       | Innlandet skole, Kristiansund             | 60          | 3         | 63          |
| 16.10.       | Aure barne- og ungdomsskule, Aure         | 71          | 3         | 74          |
| 16.10.       | Luna friskole, Aure                       | 10          | 1         | 11          |
| 17.10.       | Gomalandet skole, Kristiansund            | 80          | 4         | 84          |
| 18.10.       | Stemshaug skole, Aure                     | 14          | 1         | 15          |
| 18.10.       | Lesund skole, Aure                        | 12          | 1         | 13          |
| 19.10.       | Bakkamyra skole, Smøla                    | 27          | 1         | 28          |
| 19.10.       | Nordsmøla skole, Smøla                    | 38          | 1         | 39          |
| 19.10.       | Innsmøla skole, Smøla                     | 19          | 2         | 21          |
| 19.10.       | Veidholmen skole, Smøla                   | 12          | 1         | 13          |
| 22.10.       | Leira skole, Tustna                       | 46          | 3         | 49          |
| 22.10.       | Straumsvik skole, Tustna                  | 26          | 2         | 28          |
| 23.10.       | Dale barneskole, Kristiansund             | 84          | 4         | 88          |
| 24.10.       | Dale barneskole, Kristiansund             | 17          | 1         | 18          |
| 25.10.       | Valsøyfjord barne- og ungdomsskule, Halså | 34          | 2         | 36          |
| 25.10.       | Blekken barneskule, Halså                 | 52          | 3         | 55          |
| 26.10.       | Hjelset barneskule, Molde                 | 89          | 4         | 93          |
| 26.10.       | Kleive skole, Molde                       | 40          | 2         | 42          |
| 3.12.        | Kviltorp skole, Molde                     | 126         | 4         | 130         |
| 4.12.        | Kviltorp skole, Molde                     | 85          | 4         | 89          |
| 5.12.        | Kvam skole, Molde                         | 75          | 3         | 78          |
| 6.12.        | Kvam skole, Molde                         | 59          | 2         | 61          |
| 7.12.        | Sekken oppvekstsenter, Molde              | 18          | 2         | 20          |
| <b>I alt</b> |                                           | <b>1094</b> | <b>54</b> | <b>1148</b> |

Frå og med 2004 har vi gjennomført 104 framsyningar av desse to turnéprogramma for 3486 elevar og 232 lærarar ved 60 skular i 28 kommunar i fire fylke.

**Figur 5. Gjestetal turnear 2004-2007**






## 6. Arrangement

Den samla omsetninga for Dei Nynorske Festspela og kulturprogrammet auka med 5 % frå 1,944 millionar kr i 2006 til 2,042 millionar kr i 2007. Sett under eitt gav drifta eit underskot på 23 000 kr, mot eit underskot på 145 000 kr i 2006. Dei Nynorske Festspela kom ut med eit underskot på 28 000 kr, medan kulturprogrammet gjekk med 5000 kr i overskot.

Vi gjennomførte 186 arrangement i 2007 mot 207 året før. Ein større del av arrangementa var i eigen regi i høve til tidlegare år. I alt hadde vi 10 475 gjester på arrangement, mot 11 600 i 2006.

57 av desse tilstellingane var utleigearrangement eller hadde eksterne arrangørar, mot 75 året før. Desse gav 3007 gjester, mot 4800 året før. På våre egne arrangement auka gjestetallet med 10 % frå 6800 i 2006 til 7468 i 2007.

Figur 6. Arrangementsstader 2000-2007



Vi var ein aktiv arrangør og samarbeidspartnar andre stader i landet også i 2007. Nynorsk kultursentrum var til stades i 31 kommunar i ni fylke i 2007. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

### 6.1 Dei Nynorske Festspela

Omsetninga for Dei Nynorske Festspela auka med heile 28 % frå 1 279 000 kr i 2006 til 1 635 000 kr i 2007. Kostnadene auka berre med 13 % frå 1 478 000 kr i 2006 til 1 664 000 kr i 2007. Resultatet blei negativt, men likevel mykje betre enn året før: frå 199 000 kr i underskot i 2006 til 28 000 kr i underskot i 2007.

Det samla gjestetallet var på 6136, om lag som i 2006, men vi selde mange fleire billetter enn året før. Tallet på selde festspelpass var lågt også i 2007, vel 50. Likevel er det tydeleg at jamt fleire ønskjer å få med seg alle festspeldagane.

I 2006 betalte vi høgare samla utøvarhonorar enn før. I 2007 auka desse kostnadene endå meir, frå 369 000 kr i 2006 til 427 000 kr. Ei løyving på 200 000 kr frå ordninga for litteraturfestivalar i Norsk kulturråd gjorde det mogleg for oss å satse endå sterkare på den litterære delen av programmet.

Festspela blei ein kunstnarleg suksess med 44 arrangement som jamt over heldt høg standard. Arrangementsteknisk var vi på ny velsigna med godt vær alle dagane.

Temaet *sjølvtilitt* gjennomsyra både dei litterære og musikalske programmet. For andre gong hadde vi ein barne- og ungdomsbokforfattar, Erna Osland, som festspeldiktar, og med arrangement både før og under festspeldagane prøvde vi å gi meir språkleg sjølvtilitt til nettopp barn og unge.

Den *litterære og språklege* delen var prega av at nærmare 40 forfattarar var med, frå dei yngste som prøver seg ut til dei tungt etablerte, og over halvparten av arrangementa hadde litterære innslag eller handla om språk og litteratur.

Festspeldiktaren Erna Osland var med på ti arrangement og prega dermed alle dagane. Spesiell var ein tunnelkonsert i Morkaåstunnelen åtte månader før Eiksund-sambandet opnar. Der las festspeldiktaren frå boka *Tunnelkjøaren*.

Sogn og Fjordane Teater hadde ein uoffisiell førpremiere på *Rekneprinsen*, det første teaterstykket Erna Osland har skrive. Stykket hadde offisiell urpremiere under Førde Internasjonale Folkemusikkfestival ei veke seinare.

Osland heldt skrivekurs i åtte 7.-klassar i Ørsta og Volda i månadsskiftet februar/mars, og ungdomar fekk skrive i lag med henne på skriveverkstaden *Skapande undrande* i Aasen-tunet ein laurdag i mars. I dagane for Festspela arbeidde instruktør Sigrun Meisingset frå Prøvekluten ved Høgskulen i Volda med nokre av dei skrivande ungdomane, som sjølve framførte tekstane sine på

ei framsyning under Festspela, med enkel, men effektfull scenografi.

Eit omfattande samarbeid med Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 prega programmet. Ein stor flokk elevar og lærarar frå Kulturskulen i Suldal framførte stykket *Kor vart det av jula?*, skrive av Rune Belsvik på grunnlag av tre Løland-bøker.

Litteratur i mange sjangrar, frå dikt og skodespel til salmar og journalistikk, blei henta fram og formidla. *Litteratur med Landro* heldt fram på fjerde året, Nynorsk mediesenter delte på ny ut Kultur- og kyrkjedepartementet sin nynorskpris for journalistar, og Gunvor Risa førte vidare den høge standarden på Ivar Aasen-minneforedraget.

Vi hadde meir språk på programmet enn før. Særleg skilde Rolf Theils språkreise jorda rundt seg ut. Vi sette også den nye forteljekunsten på dagsorden gjennom framsyningar og debatt. Songlyrikarane Leonard Cohen og Sting blei presenterte på norsk, og klassikarane Per Sivle og Halldis Moren Vesaas prega avslutningsdagen gjennom samtale og kabaret. Ni av dei beste bidraga i salmekonkurransen frå 2006 blei presenterte i ein stor kyrkjekonsert, saman med to Blix-salmar, framførte av ulike utøvarar og i all-song.

Festspeltema og barnebøkene framheva vi også gjennom to utstillingar. Festspelutstillinga viste barnebokillustrasjonar av tre kunstnarar, og temautstillinga *Store forteljingar for små øyra* baud på nye inngangar til barnelitteraturen mellom Løland og Osland.

Eit godt samarbeid med handelsstanden i begge bygdebyane samla over 550 gjester til festspelfrukost med barneboktorg og forfattarar.

Den *musikalske* delen av festspelprogrammet var som før prega av tett samspel med litteraturen. Opningskonserten var vigd Kenneth Sivertsens musikk, i regi og framføring av Astrid Kloster Særvoll med band, og med Magnar Åm som særskild gjest.

Også i 2007 hadde vi ein stor utekonsert på Volda bygdetun. Odd Nordstoga & The Allstars trekte 790 tilhøyrarar mot 950 på familiekonsert med Vamp året før.

Den no årvisse festspelferjeturen gjekk i 2007 frå Volda innover Austefjorden og

rundt Årsetøya. Det varierte programmet femnde om Hilde Louise Asbjørnsens tolking av Monica Zetterlund-songar omsette av Edvard Hoem, til tonefølgje av den svenske gitaristen Georg ”Jojje” Wadenius, og forfattarane Marit Kaldhol og Jan Inge Sørbo. Kaldhol las mellom anna ein nyskriven tekst inspirert av at ho som ung pla sykle innover Austefjorden.

Kjell Inge Torgersen med ensemblet Te i Sahara forma den lyse, lange fredagskvelden i Aasen-tunet med konserten ”Aks av gull”, med Sting gjendikta til nynorsk.

MålBar på Møre folkehøgskule blei også i 2007 ein god møteplass for festspelpublikum, frivillige og utøvarar.

Det tradisjonsrike Aasen-stemnet spelar framleis ei viktig rolle i programmet, og i 2007 sette Britt Synnøve Johansen, Finn Tokvam, Halvor Folgerø og Johan Egdetveit søndag ettermiddag punktum for dei sextande festspela med eit alvorsvittig blick på diktaren Per Sivle.

Som *arrangement* blei Festspela gjennomførte med stor innsats frå om lag 50 frivillige. Dei Nynorske Festspela er avhengige av innsatsen frå dei frivillige, og treng kvart år å jobbe med å rekruttere fleire.

Dei Nynorske Festspela er no trygt etablerte med eit varemerke som både publikum, utøvarar og presse har tillit til. Festspela står støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement, men her er det framleis mykje å gjere, særleg nasjonalt og internasjonalt.

Vi har i fleire år vore avhengige av vesentleg større basistilskot for å kunne utvikle denne festivalen trygt vidare, og for å spreie betre den risikoen eit slikt arrangement ber i seg. Mykje av risikoen ligg framleis på oss, og vi er for avhengige av billettinntektene. Arbeidet med å auke dei sikre inntektene held difor fram.

Utan dei mange samarbeidspartnarane hadde det vore umogleg å lage det festspelprogrammet publikum fekk i 2007.

Frå og med 2007 blir Dei Nynorske Festspela årvisst arrangert siste veka i juni. Dermed unngår vi at Festspela kolliderer med skuleslutt mange stader.

Komplett festspelprogram ligg ved.

## 6.2 Kulturprogram

Omsetninga for vårt eige kulturprogram var på 406 000 kr i 2007, mot 410 000 året før, og med eit svakare resultat. Drifta gav eit overskot på 5000 kr mot 54 000 kr i overskot i 2006. Arrangementa samla 2480 gjes-ter, mot 3300 året før (utleigearrangement ikkje medrekna).

I 2007 inneheldt kulturprogrammet 71 arrangement, utstillingar ikkje medrekna. Berre i 2003 hadde vi endå fleire arrangement. Ein større del av arrangementa blei avvikla i Ivar Aasen-tunet enn året før.

Vårprogrammet blei gjennomført frå 17. januar til 23. mai, haustprogrammet frå 9. september til 9. desember. Vi gjekk i 2007 tilbake til det som var praksisen før 2004, og avslutta vårprogrammet i god tid før Festspela. Nytt av året var at vi laga eit heilt kulturprogram også for sommaren.

Mykje av *vårsesongen* blei brukt til å rekruttere unge skrivarar gjennom ei rekkje tilstel-lingar. Vi sette den kommunale kulturpoli-tikken under debatt, blei dei første til å ha eit eige arrangement om russeaviser, samla fullt hus då Hans Olav Tunesvik kåserte om livskvalitet og livsglede, henta nye forfattarar til regionen, og laga familiedag om bøker og blad. Musikalsk kunne vi by på både Tindra og Berit Opheims tingingsverk frå Vossajazz 2007.

For første gong gjennomførte vi eit vida-re *sommarprogram* med til saman 13 arrange-ment. Dei fleste var knytte til tunkatten Lu-rivar med hans spesialomvisingar for barn. Vi første vidare programformatet Ung Arena frå 2006, og vi presenterte for første gong festspeldiktaren for neste år på Ivar Aasens fødselsdag 5. august. Gjestetala på dei fleste av desse arrangementa var tilfredsstillande, men bør bli høgare.

*Haustsesongen* hadde vår velkjende bland-ing av litteratur og musikk, med forgreining-ar til aktivitetstilbod som soppdag, familie-dag og juleverkstad. Premieren på program-met *Katta i sekken* var ei storhending (jf. kap. 5.1).

Samlaget lanserte boka *Landsgymnaset* i Aasen-tunet, og Fonna lanserte første heftet i ny rekkje med *Ingeniør Knut Berg*. Dei tre forfattarane Jon Fosse, Ragnar Hovland og

Rolf Sagen gjesta to stader med eit fellespro-gram denne hausten; Aasen-tunet var den eine.

For åttande gongen arrangerte vi *Boknat-ta*, med biografiar som tema, saman med to av dei skjønnlitterære debutantane av året. Gjestetalet for dette årvisse arrangementet er framleis ikkje slik som vi skulle ønskje. Dei mange forfattarane samla diverre få tilhøyra-rar utover deltakarane på arbeidskonferansen *Vendepunkt i nynorsk presse*, som vi arrangerte saman med Norsk presses historie. Stoff frå konferansen vil bli brukt i det firebandsver-ket som kjem ut i 2010 (jf. kap. 3.6).

Musikalsk slo gruppa Frøy Aagre & Off-beat an tonen for hausten med konserten *Spontanitet i samspel*. I den andre enden av programmet vitja Sigrid Moldestad tunet med den musikalske framsyninga *Taus*, som ho seinare fekk Spellemannprisen for. Eit særmerkt program var ein improvisasjons-konsert med Magnar Åm til dikt av Jan Ove Ulstein.

Som ein inngang til Mangfaldsåret 2008 stilte vi spørsmål om kunstens rolle i det fleirkulturelle samfunnet. Debatten gav ube-hagelege svar som fortener politisk oppføl-ging.

Komplett kulturprogram ligg ved.

## 7. Kafé og butikk


Den samla omsetninga i kafeen og butikken enda på 1 177 000 kr i 2007, som er 5 % over omsetninga på 1 118 000 kr i 2006. Dette gav eit overskot på heile 142 000 kr mot 21 000 kr året før.

Matsal utgjorde 69 % av omsetninga i ka-feen., og boksal stod for 44 % av omset-ninga i butikken. Sett under eitt fordelte bruttoomsetninga seg som vist i figur 7.

Kvar registrert gjest la i 2007 att 66 kr i kafé og butikk. Dette er høge tal i museumsbran-sjen.

Kafeen og butikken er framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstil-bodet, og for eigeninntektene til institusjo-nen.

Figur 7. Brutto kassaomsetning 2007



### 7.1 Kafé

Omsetninga i kafeen auka med 16 % frå 499 000 kr i 2006 til 584 000 kr i 2007. Av dette utgjorde internomsetninga 144 000 kr, 34 % høgare enn året før. Drifta resulterte i eit overskot på 53 000 kr, mot eit underskot på 12 000 kr i 2006.

Kafeen omsette for 35 kr pr. registrert gjest, utanom utleige av lokale og internomsetning.

Kostnadsfaktoren viser kor mange prosent varekjøp utgjør av omsetninga. Denne faktoren har vi greidd å halde låg i mange år. I 2007 steig likevel kostnadsfaktoren til 40 % frå 37 % året før.

Omsetninga var derimot for låg i høve til lønskostnadene, og marknadsprisenivået i regionen gjorde det vanskeleg å ta dei prisane vi burde ha.

Programansvarleg og kjøkkenleiar samarbeidde også i 2007 tett om kafétilbod ved kulturarrangementa. Dette gir viktige inntekter, ikkje minst dei fem festspeldagane. Utanom internomsetning omsette kafeen då for 132 000 kr i 2007, mot 78 000 kr året før.

Kafeen hadde ei brutto omsetning på 228 000 kr i sommarmånadene juni – august, mot 187 000 kr året før.

Også i 2007 handterte sommarvikarane kafeen i ferien til kjøkkenleiaren. Dette reduserte personalkostnadene, og med dei gjestetala vi har hatt dei siste somrane, har dette likevel gitt publikum eit godt tilbod.

Som før er kafeen ein viktig del av det samla publikumstilbodet vårt, og det skal alltid vere open kafé med mattilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Vi skal tilby ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata. I staden for middag tilbyd vi no smakfulle smårettar i tillegg til kaker, kjeks, kaffi og te.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og ein meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

### 7.2 Utleige

Inntektene frå utleige av lokale auka frå 50 000 kr i 2006 til 63 000 kr i 2007. Desse summene er med i dei samla omsetningstala for kafeen i kap. 7.1.

Talet på utleigearrangement gjekk ned frå 75 i 2006 til 57 i 2007. Vi hadde også færre gjester frå slike arrangement i 2007 enn året før; 3007 mot 4794. Den viktigaste grunnen til dette er at Festspela hadde mykje færre arrangement med eksterne arrangørar enn før.

Utleige er blitt ein viktig del både av drifta og den allmenne marknadsføringa av institusjonen.

Vi har framleis ein del trufaste kundar og nokre nye som leiger salen til kurs, møte, framsyningar og liknande. Dei fleste nyttar tilbodet i kafeen i slike høve, og dette har mykje å seie for omsetninga.

Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt i 2007. Hovudvekta ligg nok på offentlig side. Kafeen vert også brukt til konfirmasjonar og andre private arrangement.

Prisane for utleigetjenester blei justerte i 2007. I staden for vidare auke i 2008 tek vi sikte på å utarbeide differensierte arrangementspakkar, der lokaleleiga går inn som ein del av pakketilbodet saman med mat og eventuelle andre tenester.

Utleigebrosjyren frå 2005 brukte vi også i 2007, men ikkje målretta nok. Det kunderegisteret med e-postadresser vi no har bygt opp, vil gi grunnlag for vidare satsing. Det ser ut til at e-post er den marknadsføringskanalen dei fleste utleigekundane føretrekker.

Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen har eit stort potensial som enno ikkje er teke ut, sjølv om tekniske ting som lyd, lys og ventilasjon framleis kan bli betre.

### 7.3 Butikk

Omsetninga i butikken fall med 7 % frå 569 000 kr i 2006 til 530 000 kr i 2007. Av dette utgjorde internomsetninga 47 000 kr i 2007, mot 70 000 kr i 2006. Drifta gav eit godt overskot på 89 000 kr, mot 33 000 kr året før.

Butikken omsette for 32 kr pr. registrert gjest.

Kostnadsfaktoren (sjå kap. 7.1) gjekk ned frå 72 % i 2006 til 66 % i 2007. Den viktigaste grunnen er at boksalet i 2007 utgjorde 44 % av totalomsetninga. På bøker får vi så godt som alltid 35 % rabatt, og kostnadsfaktoren for denne varegruppa er det difor vanskeleg å gjere noko med.

I 2007 selde vi bøker for 239 000 kr, mot 282 000 kr året før.

Salet av andre varer enn bøker auka frå 216 000 kr i 2006 til 242 000 kr i 2007. Av dette utgjorde kommisjonssal av keramikk og smykke 58 000 kr, eller knapt 25 %. Både eigenproduserte og andre varer skal halde høg kvalitet. Dette gjer det vanskeleg å setje utsalprisane høgt nok.

*Dialektspelet* har vore i sal sidan 2002, og ved årsskiftet 2007/2008 var vi i praksis utselde. Det vil seie at 1000 eksemplar er gått ut.

I 2007 satsa vi for første gong tydeleg på *nettbutikken*. Ved årsskiftet kunne nettkundane velje mellom over 100 varer. Framleis er likevel omsetninga i tunbutikken viktigast.

Omsetninga i sommarsesongen juni – august var på 228 000 kr, om lag som året før. Omsetninga festspeldagane auka derimot frå 72 000 kr til 105 000 kr. Desse fem dagane blir altså viktigare og viktigare.

### 7.4 Vareutval

Butikken prøver å føre eit breitt utval av nynorsk litteratur, særleg bøker av og om Ivar Aasen, om nynorsk språk- og kulturhistorie, nynorske barnebøker og bøker av forfattarar som er med i kulturprogram og festspelprogram. Ivar Aasens *Ordtak i utval* sel framleis jamt og trutt.

Butikken utvikla også i 2007 fleire nye varer. *Årets festspelkerus* var nr. 5 i rekkja med originaltekstar av festspeldiktatarar, og hadde tekst av Erna Osland. *Årets festspel-t-skjorte* og

nyutvikla *sitjeunderlag* med festspellogo selde greitt. Vi utvikla også fleire *tunkattprodukt*: t-skjorte, puslespel og matboks. Førebels har ikkje dette salet teke av. Salet av naturprodukt frå Tre Damer i form av drops, sleikar, såper og badesalt har også halde seg bra. Det same har salet av *Dialektermometeret*.

Biri planteskole leverte i mai om lag 300 tunbjørkeplanter som er klona avleggjarar etter tunbjørka. Kvar plante var om lag 30 cm høg. Dei blei planta om og selde som nummererte eksemplar med signert sertifikat. Salet var skuffande.


Med god hjelp av formgjevar Aina Grifin har vi fornya eksponeringa i butikken ein del, mellom anna med nye skilt med sams grafisk profil.

Marknadsføringa var konsentrert om annonsering. I 2007 satsa vi meir på nasjonal annonsering, noko vi trur resulterte i auka sal på nettbutikken.

## 8. Nettstadene

I 2007 hadde nettstaden 214 455 gjester, mot 488 589 året før. Nedgangen kjem av at vi i mai 2006 tok i bruk nytt statistikkverktøy som betre filtrerer vekk robotane til søkjemotorane, som ikkje representerer reelt nettbesøk. Hausten 2007 låg nettstadbruken jamt over 50 % over tala for hausten 2006.

Figur 8. Unike brukarar på nettstadene 2000-2007



Det viktigaste nye innhaldet kom 7.11. Då blei prosjektet *Fedraheimen på nett* presentert. Dette er den første fullstendige publiseringa av ein avis på internett. Ved lanseringa var dei tre første årgangane 1877–1879 tilgjengelege for publikum. Ved årsskiftet var også ein del av 1880-årgangen publisert.

I januar 2007 blei også *Aasens dagbok* lansert som nytt tilbod på nettstaden. Innhaldet er 366 korte sitat frå Ivar Aasens dagbøker, eitt for kvar dag i året.

Samla sett har mengda med dokument på nettstadene auka med 4000 i 2007. Auken kjem først og fremst av Fedraheimen med si enorme tekstmengd.

### 8.1 aasentunet.no

Nettstaden *www.aasentunet.no* blei opna 26.4.2000, to månader før Ivar Aasen-tunet blei opna. Ved utgangen av 2007 var om lag 6800 tekstdokument tilgjengelege på nettstaden.

### 8.2 tunkatten.no

Nettstaden *www.tunkatten.no* blei opna 12.9.2006 og inneheldt ved årsskiftet litt over 100 dokument. Tunkatten.no er eit aktiviserande formidlingstilbod for born i alderen 6–12 år om med nynorsk språk og litteratur.

### 8.3 garborgnett.no


Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over *www.garborgnett* frå Stiftinga Garborg-året 2001. Nettstaden inneheld om lag 200 dokument og er eit temabasert oppgåvetilbod til elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule.

### 8.4 Besøk og bruk

2007 var det første heile driftsåret for nettstaden etter den grafiske og tekniske omlegginga i 2006. Erfaringane har vore gode, og den nye nettstaden gir meir fleksibilitet enn før. År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av å bli den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi tek også mål av oss til at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader.

Dei fleste brukarane kjem til nettstadene direkte gjennom adressene *aasentunet.no* og *tunkatten.no*. Før var det meir vanleg å kome inn gjennom søkjemotorar som Google og Kvasir. I 2007 var puslespela til tunkatten dei mest populære sidene, med 13 900 besøk. Nest mest brukt var sidene om Ivar Aasen, som hadde 10 000 besøk.

Figur 9. Sidevisingar pr. månad 2007



Det er tydeleg at nettstadene er mykje brukte i skulen. Bruken blir mindre i feriane og på kvelds- og helgetid. Det tyder på at mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader.

Kvar nettgjest ser i gjennomsnitt på 2,7 sider. Det inneber at dei no blir verande lenger på nettstadene enn før.

### 8.5 Nettbiblioteket

*Fedraheimen* er den største samla tekstmengda som har blitt publisert i Nettbiblioteket til no. Ved utgangen av året var om lag 2300 artiklar frå dei fire første årgangane tilgjengelege digitalt.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og verk

Nettbiblioteket blei opna i 2001. Dette er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk. Til no har vi bygt opp biblioteket ved at vi har gått over gjerdet der det har vore lågast, til dømes med dugnadsprosjekt, og der det har vore midlar å hente til publisering. Vi har konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døyddde før utgangen av 1936. Langt dei fleste tekstane skriv seg frå før 1920.

Nettbiblioteket inneheld difor både sentrale og kuriøse tekstar frå den nynorske kulturhistoria. Det kuriøse ligg særleg i utvalet av forfattarar, som til no har vore nokså vilkårleg.

## 9. 1001 tekstar

*1001 tekstar* er eit prosjekt for utvikling og digital publisering av stoff om nynorsk kulturhistorie på Internett. Det Norske Samlaget (DNS) og Nynorsk kultursentrum (NK) samarbeider om prosjektet, som blir gjennomført i åra 2007–2009. *1001 tekstar* er eit delprosjekt i arbeidet med å utvikle eit allment nynorsk leksikon på Internett. Eit samla nynorskmiljø har sagt at ein slik digital kunnskapsbase er det viktigaste nye tiltaket for nynorskbrukarane.

### 9.1 Økonomisk ramme og rekneskap

Stortinget omdisponerte 19.12.2006 løyvinga i statsbudsjettet for 2006 på 1,5 millionar kr til *Nynorsk digitalt leksikon* til ”produksjon av nye artiklar om nynorsk kulturhistorie på Internett”.

Som ei vidareføring av løyvinga i 2006 løyvde Stortinget 1,557 millionar kr i statsbudsjettet for 2007 til *Nynorsk digitalt leksikon*. Også denne summen blir disponert av prosjektet *1001 tekstar*, som dermed har eit samla prosjektbudsjett på 3 057 000 kr.

Med dette har *1001 tekstar* dei midlane som trengst til produksjon av nytt stoff om nynorsk kulturhistorie på Internett

Prosjektrekneskapen for 2007 viser eit forbruk på 197 000 kr. Ved at framdrifta i prosjektet endra seg og meir tid måtte brukast på prosjektplanlegging, blei det brukt vesentleg mindre pengar i 2007 enn planlagt.

Det budsjettet styringsgruppa vedtok i prosjektplanen, bygde på desse føresetnadene:

- Bruke eksisterande løysingar for nettpublisering
- Frigjere mest mogleg av midlane til forfattarar som skriv artiklar for dei satsane som gjeld i norsk forlagsbransje for leksikalske tekstar
- Halde dei administrative kostnadene låge
- Honorere berre eksterne medarbeidarar i redaksjonen, ikkje medarbeidarar som er tilsette i DNS eller NK
- Ikkje påføre prosjektet kostnader frå arbeidet i styringsgruppa

Etter at prosjektplanen var fastsett, overførte Samlaget summen for 2007 til Nynorsk kultursentrum.

### 9.2 Organisasjon

DNS og NK oppretta i januar 2007 ei styringsgruppe med desse tre medlemene frå DNS og NK:

- Forlagsdirektør Nina Refseth, leiar
- Direktør Ottar Grepstad, hovudredaktør
- Rådgivar Audun Heskestad

Styringsgruppa har desse oppgåvene og funksjonane: prosjektplan, driftsbudsjett, oppnemne redaksjon, tidsplan, strategi, prioriteringar og rapportering. Styringsgruppa hadde tre møte i 2007.

Styringsgruppa etablerte i april 2007 ein redaksjon som no har fem medlemmer:

- Hovudredaktør Ottar Grepstad, direktør NK, leiar arbeidet i redaksjonen
- Peikarredaktør Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar NK, set inn og kontrollerer alle interne og eksterne peikarar
- Pedagogisk redaktør Randulf Rønningen, forlagsredaktør DNS, ser til at skuleretta stoff er tilpassa skulebruk
- Vibeke Lauritsen, lektor Kristiansand katedralskole
- Eirik Helleve, frilansar med røynsle frå nettpublisering

Redaksjonen løyser desse oppgåvene: gjennomføre prosjektet innanfor fastsett budsjett, avklare prioriteringar, fastsetje kontraktvilkår, rekruttere fagmedarbeidarar til tekstproduksjon, utvikle alle nødvendige redaksjonelle system, og vurdere innkomne manuskript. Redaksjonen møttest første gongen 20.4. og hadde i alt fire møte i 2007.

Redaksjonen har vedteke ei språkleg husnorm som gjeld for alle forfattarar i prosjektet. Husnorma er identisk med norma for Nynorsk kultursentrum.

Redaksjonen kartla aktuelle fagmiljø og enkeltpersonar i 2007 og la vekt på å få til ei god blanding av tungt etablerte fagfolk og yngre krefter som gjennom eit prosjekt som dette kan etablere seg. Redaksjonen har difor lagt desse kriteria til grunn: fagkompetanse, evne til formidling, evne til å levere, god språkføring, stø i rettskriving, erfaring med å



skrive for Internett. Ein del forfattarar må ha særleg røynsle med å formidle stoff til skuleelevar.

### 9.3. Prosjekt- og redaksjonsplan

Styringsgruppa vedtok ein prosjektplan 18.2.2007 som blei send til Kultur- og kyrkjedepartementet til orientering.

Redaksjonen prioriterte å utvikle ein grundig redaksjonsplan for å unngå at uventa problem undervegs skulle verke negativt inn på framdrift og kvalitet i prosjektet. Denne redaksjonsplanen er ei forlenging og utdjuping av prosjektplanen, og blir jamleg oppdatert.

### 9.4 Målgrupper og innhald

Framstillinga skal vere tilpassa skuleelevar mellom 12 og 19 år. Artiklane skal vere forskings- og kunnskapsbaserte – pålitelege, oppdaterte, velskrivne, og følgje gjeldande normer for gode Internett-artiklar. Artiklane skal ha kjeldetilvisingar og utvalde peikarar.

Vi prioriterer stoff på dei områda der vi kan vere best og der vi bør vere betre enn digitale oppslagsverk og portalar med stoff på bokmål. Kvinner skal utgjere ein større del av dei biograferte personane enn i andre norske oppslagsverk.

Tre typar artiklar vil dominere: basisartiklar på inntil 800 teikn, utvida artiklar på inntil 4100 teikn medrekna basistekst, og temabolkar på om lag 23 000 teikn. Alle artiklar skal ha ein ingress på 150–250 teikn.

Prosjektbudsjettet gir ikkje rom for illustrasjonskostnader.

### 9.5 Teknisk plattform og grafisk form

Alt stoff blir publisert på eigen nettstad, men skal vere tilgjengeleg frå [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) og [www.samlaget.no](http://www.samlaget.no). Av tekniske og økonomiske grunnar blir alt publisert på éin nettstad i éi publiseringsplattform. NK har ansvaret for denne basispubliseringa.

Vi vurderer seinare korleis vi enkelt kan involvere bidragsytarane i slutfasen før publisering, utan at vi misser det redaksjonelle grepet, men slik at vi utnyttar fordelane ved den interaktive teknologien av typen Web 2.0.

Aina Griffin som er fast formgivar for Nynorsk kultursentrum, blei hausten 2007 engasjert til å utvikle den grafiske profilen for nettsidene i prosjektet.

### 9.6 Avtaleverk opphavsrett

Redaksjonen har etablert eit positivt samarbeid med LINO og Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening.

Det er utvikla ein standardkontrakt for digital publisering som vil bli brukt for alle oppdrag i prosjektet. Avtalen gir DNS og NK alle publiseringsrettar, også i trykt form, men då med eit tilleggshonorar. Styret i NFF godkjende avtalen formelt 17.1.2008. Avtalen er ein av dei første i sitt slag i Noreg.

Det er også gjort avtale med LINO om at dei skal ta seg av alle honorarutbetalingar frå og med 1.1.2008, utan kostnad for prosjektet.

Avtaledokumenta blei formelt underskrivne 4.2.2008.

### 9.7 Produksjon

Redaksjonen arbeidde gjennom året med å prioritere emne for enkeltartiklar. I desember 2007 utgjorde denne prioriterte innhaldslista om lag 1750 oppslagsord. Lista blir jamleg justert og korrigert, og inneheld i februar 2008 vel 2500 oppslagsord.

66 aktuelle skribentar blei i desember 2007 inviterte til å vere med og skrive for *1001 tekstar*. Dette resulterte førebels i at over 1200 artiklar med ei samla tekstmengd på 2,5 millionar teikn var i arbeid kring årsskiftet.

### 9.9 Framdrift

Prosjektplanen la opp til at ei første større pulje stoff skulle publiserast hausten 2007. Det tok meir tid å etablere redaksjonen enn det prosjektplanen føresette, og dei fleste i redaksjonen har prosjektet som tillegg til sine daglege gjeremål. Første pulje blir difor først publisert i 2008.



## 10. Informasjon

Vi brukte 851 000 kr i marknadsføring i 2007, mot 704 000 kr året før. Kostnadene utgjorde 7 % av samla driftskostnader, mot 6,7 % i 2006.

Administrasjonen har også i 2007 praktisert open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som har kome. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss, men vi har sidan 2004 praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

### **10.1 Presse og kringkasting**

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitik med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sender også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut over 100 pressemeldingar i 2007. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstaden.

Ved lanseringane av kulturprogramma vitja programansvarleg og informasjonsleiar utvalde redaksjonar. Festspelprogrammet blei lansert med eigen pressekonferanse i Aasen-tunet og i Oslo, på same dag og til same tid.

Laurdag under Festspela hadde VG eit tosiders oppslag der Olav Versto rapporterte frå Festspela, med teikning av Roar Hagen. I sommarsesongen var VG på hemmeleg besøk i tunet. Resultatet kom på trykk i ein reportasje om reisemål på strekninga Bergen – Trondheim, der Aasen-tunet fekk terningkast 5. I oktober var tunet igjen med i eit stort oppslag i VG. I samband med ein artikkel om signalbygg i distrikta meinte Erling Fossen at Ivar Aasen-tunet burde liggje i Oslo.

Tunkatten Lurivar fekk også mykje merksemd i 2007. Lokalt var det fleire reportasjar frå tunkattomvisingane om sommaren, og vinnarane i tunkattens songkonkurranse blei omtala i fleire riksmedia.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på medieklipp frå Retriever.

### **10.2 Trykksaker**

I 2007 gav vi ut to nummer av meldingsbladet *Symra*. Dei kom i januar og september med eit opplag på om lag 10 000 kvar, og inneheldt smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Som før om åra blei bladet distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Ørsta og Volda.

Dei Nynorske Festspela hadde i 2007 same grafiske profilen på alle trykksakene. Byrået elleMelle var formgivar for både plakater, programavis, annonsemalar og festspelsbanner. Den grafiske profilen blei utvikla med tanke på å kunne brukast fleire år. I 2007 var Odd Nordstoga blikkfang på både plakater og i anna programprofilering. Vi laga også t-skjorter med festspelmotiv.

Festspelavisa var som tidlegare år ei eigenprodusert avis i tabloidformat, 28 sider i fire fargar. Avisen blei trykt i 40 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten fredag 8.6., dessutan etter våre eigne adresselister.

Det blei også sendt ut ein eigen programfaldar til alle husstandane i Volda og Ørsta.

Festspelplakaten blei trykt i 800 eksemplar og sendt til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

I 2007 blei det som i 2006 produsert ein eigen plakater for å marknadsføre utstillinga om sommaren. Denne blei trykt i 700 eksemplar i A2, A3 og A4, og distribuert til utvalde nynorskkommunar, turistinformasjonar og fleire stader lokalt.

### **10.3 Annonsering**

Alle kulturarrangement blei annonserte i lokalavisene i Ørsta og Volda, i fleire annonsar i Sunnmørsposten, einskilte andre lokalaviser på Sunnmøre og i Dag og Tid.

For Dei Nynorske Festspela brukte vi i 2007 litt meir til riksannonsering enn året før, og tilsvarande litt mindre til lokal annonsering.

Vi var også i 2007 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen og hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira

trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

I 2007 kjøpte vi ein fast reklameplass til ein plakat i lyskasse på ferja mellom Volda og Folkestad. Frå og med sommarsesongen hadde vi også digital reklame på denne ferja og på Ørsta-Volda lufthamn, Hovden.

#### 10.4 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (DÅS) har vi mellom anna vore med i reisemålskatalogar frå FjordNorge, i tillegg til at Ivar Aasentunet er nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

I august hadde vi besøk frå ein engelsk turopertør som set saman skuleturar. Dei kom til tunet gjennom Ørsta reiselivslag.

Vi presenterte reisemålet og Festspela m.a. på ei samling for gruppereisande med Fjord 1 i februar og på DÅS sitt vårmøte for hotellpersonale i Ålesund i mai. Vi var også til stades på LNK-tinget i Vågå september.

#### 10.5 Skilting i tunet

Til opninga av Dei Nynorske Festspela blei skiltprogrammet for Ivar Aasentunet fullført, med informasjonstavle på norsk og engelsk ved parkeringsplassen, to informasjonstavlur ved inngangen til hovudbygningen og fleire skilt inne i bygningen.


## 11. Gjester

Nynorsk kultursentrum hadde 16 746 gjester i 2007 mot 17 068 i 2006. Til og med 2004 hadde gjestetallet vore svært stabilt frå år til år. Frå og med 2005 la vi om til eit større satsing på nettstaden, vel vitande om at det kunne redusere talet på vanlege gjester. Det er svært viktig for oss å vere tilgjengelege og til nytte for publikum langt utanfor nærområdet, og då er nettstadsatsinga eit viktig grep.

6300 gjesta utstillingane, medan 10 500 var til stades ved arrangement. Arrangementta har dei fleste åra hatt ein aukande del av gjestene. I 2007 utgjorde utstillingsgjestene

37 % av alle gjester, mot 31 % i 2006 og 23 % i 2005.

Figur 10. Gjester og brukarar i alt 2000-2007



Frå og med opningssesongen 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 144 065 gjester.

#### 11.1 Gjesteprofil

Den offisielle museumsstatistikken frå ABM-utvikling for 2006 er den nyaste tilgjengelege.

10 museumseiningar i Møre og Romsdal rapporterte i 2006 om eit samla besøk på 318 000. Av desse var 58 % betalande. Nynorsk kultursentrum stod for 5,4 % av det samla gjestetallet ved musea i fylket, mot 5,7 % i 2005.

Vi hadde også i 2006 høvesvis fleire betalande gjester enn det som er vanleg ved norske museum. Gruppegjester utgjorde ein mykje lågare prosentdel enn gjennomsnittet i både fylke og for heile landet. Vaksne gjester stod for ein om lag like stor del av samla gjestetall som ved andre museum. Ein mindre del av gjestene våre fekk eit pedagogisk tilbod enn det som er vanleg.

Få museum satsar meir på internett enn Nynorsk kultursentrum. I 2006 stod vi for 8 % av det samla nettstadbesøket hos norske museum. Det vil seie at kvar 12. nettgjest som brukte nettenester frå norske museum, gjesta [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Vi må rekne med at denne marknadsdelen vil minke etter som andre museum satsar meir på Internett.

Tabell 4 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at svingingane er store frå år til år. Dei Nynorske Festspela er med åra blitt viktigare for det samla gjestetallet, og i 2006 blei utstillingsgjestene ein større del av alle gjestene våre.

**Tabell 4**  
**Gjesteprofil etter aktivitet og år 2005-2007**  
Prosent

|               | 2005      | 2006      | 2007       |
|---------------|-----------|-----------|------------|
| Kulturprogram | 18        | 19        | 15         |
| Festspela     | 38        | 37        | 37         |
| Utleige       | 21        | 14        | 13         |
| Utstillingar  | 23        | 31        | 35         |
| <b>Sum</b>    | <b>99</b> | <b>99</b> | <b>100</b> |

Tabell 5 syner ei jamnare fordeling mellom sesongane enn det som er vanleg ved slike institusjonar. Etter opningssesongen 2000 er det likevel ein tydeleg tendens til at sommarsesongen blir jamt viktigare. Fordelinga mellom sesongane gjer det framleis mogleg å utnytte ressursane optimalt og at arbeidspresset er ganske jamt året gjennom.

**Tabell 5**  
**Gjester etter sesong 2000-2007**  
Prosent

|      | Vår | Sommar | Haust |
|------|-----|--------|-------|
| 2000 |     | 66     | 34    |
| 2001 | 31  | 41     | 28    |
| 2002 | 24  | 45     | 31    |
| 2003 | 17  | 51     | 20    |
| 2004 | 23  | 50     | 27    |
| 2005 | 26  | 52     | 22    |
| 2006 | 26  | 52     | 22    |
| 2007 | 21  | 49     | 30    |

## 11.2. Festspelgjester

Festspeldagane gjennomførte vi ei enkel spørjeundersøking blant festspelgjestene. Så langt råd var, skulle kvar 5. person ved utvalde arrangement intervjuast. Dette gav oss eit utval på 153 personar.

Berre ein gong før er det gjennomført ei slik publikumsundersøking ved Festspela, i 1994. Då var utvalet på 412 personar. Så langt råd var, blei spørsmåla frå 1994 tekne opp att i 2007.

På fleire punkt gav undersøkingane like tendensar, til dømes var 48 % menn og 52 % kvinner. Gjennomsnittsalderen var 54 år. 46 % kom frå andre fylke enn Møre og Romsdal, mot berre 14 % i 1994.

Gjestene var jamt over med fleire dagar enn i 1994. Tre av fire var der som privatpersonar, seks av ti hadde vore på festspel før, og sju av ti trudde dei ville kome tilbake i 2008.

Tre av fire var ganske nøgde eller svært nøgde, og det dei var mest nøgde med, var programtilbodet og arrangementsavviklinga.

## 11.3 Opningstider

Opningstidene har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei Nynorske Festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

*16. august – 14. juni*

Måndag – fredag 10–16, søndag 12–17

*15. juni – 15. august*

Måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12–17

Ivar Aasen-tunet var ope 305 dagar. Av dei var 74 dagar utan besøk på arrangement eller i utstillingar.

## 11.4 Billettprisar

Prismodellen frå opningssesongen blei ført vidare også i 2007. I kroner var prisane desse:

- Vaksne 70,00
- Barn (6–16), honnør, student 35,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 35,00 pr person
- Skuleklassar 20,00 pr person
- Barnehagar 10,00 pr person
- Utstillingar i Galleriet 30,00
- NAF-medlemer ("Show your card") 35,00
- Tillegg for billett utanom opningstid 25,00

Under Festspela hadde gjester med billett til arrangement fritt tilgjenge til utstillingane same dagen.

Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar, men at publikum skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover, samstundes som tilbodet også skal romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 20 til 250 kr. Dei mest brukte billettprisane var 80 og 100.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1050 kr som gav tilgjenge til alle arrangement. I enkelte høve var det også mogleg å kjøpe fellesbillett for fleire arrangement.

Gjennom iTicket kan publikum over heile verda kjøpe billetter til alle arrangement på Internett, via vår eigen nettstad eller [www.billettuka.no](http://www.billettuka.no). I 2007 selde vi billetter for 65 000 kr på denne måten, mot 62 000 kr året før. Dette utgjorde 9 % av det samla billettsalet til arrangement og festspel.


## 12. Økonomi

Inntektene auka med 1,490 millionar kr eller 14 %, frå 10,624 millionar kr i 2006 til 12,114 millionar kr i 2007. Driftskostnadene auka med 15 %, frå 10,526 millionar kr i 2006 til 12,144 millionar kr i 2007. Nynorsk kultursentrum har aldri hatt høgare omsetning.

### 12.1 Investeringar og drift

*Inntektene* har auka markert nesten kvart år. 2007 blei ikkje noko unntak frå dette.

Figur 11. Inntektsprofil 2000-2007. Mill. kr



Eigeninntektene våre er alle inntekter utanom ordinært driftstilskot frå staten. Desse auka med 883 000 kr eller 28 % i 2007, frå 3 167 000 kr i 2006 til 4 050 000 kr i 2007. Så store eigeninntekter har vi aldri hatt før. Eigeninntektene utgjorde 33 % i 2007, mot 30 % i 2006. Eigeninntektene for nasjonale museumsinstitusjonar varierer mykje. Sett under eitt utgjorde desse 56 % av dei samla inntektene i 2006.

Billettinntektene gjekk noko ned frå rekordåret 2006. Vi selde billetter for 707 000 kr, mot 740 000 kr året før. Billettsalet utgjorde 5,9 % av samla omsetning, mot 7 % i 2006. Også i 2007 sette Dei Nynorske Festspela salsrekord for billetter med 443 000 kr.

Bruttoomsetninga over kassa enda på 1,831 millionar kr mot 1,601 millionar kr i 2006. Tabell 6 syner korleis denne omsetninga fordeler seg på dei ulike driftsområda. Billettsal, kafé og butikk utgjer etter kvart tre nokså like store omsetningseiningar.

Tabell 6  
Kassaomsetning etter driftsområde 2005–2007  
Prosent

|                       | 2005 | 2006 | 2007 |
|-----------------------|------|------|------|
| Billetter utstilling  | 10   | 8    | 8    |
| Billetter arrangement | 24   | 22   | 28   |
| Butikk                | 29   | 34   | 30   |
| Kafé og utleige       | 37   | 36   | 34   |
| I alt                 | 100  | 100  | 100  |

*Kostnadene* auka noko meir enn inntektene i det ekspansive året 2007, med 1 618 000 kr eller 15 % frå 10,526 millionar kr i 2006 til 12,144 millionar kr i 2007.

2007 gav vekst for rekneskapsavdelingane Festspel, Utstillingar og Kafé, medan Butikk nådde nesten same nivået som rekordåret 2006, og Arrangement kom ut på same nivå som året før. Derimot var det berre Butikk som greidde å redusere kostnadene frå 2006.

Planlagt og nødvendig vedlikehald blei i hovudsak gjennomført, men noko av det utvendige vedlikehaldet blei utsett til 2008.

Trass i ekspansjonen utgjorde lønskostnadene i 2007 berre 48 %, det same som i 2006, mot 55 % i 2005. Like sidan opninga i 2000 har vi lagt stor vekt på at denne prosentdelen bør liggje godt under 60 %, slik at handlefridomen og fleksibiliteten i drifta er der. Kombinasjonen av lågare lønskostnadsdel og stor aktivitet dokumenterer at arbeidspresset var høgt også i 2007.

Varelageret hadde ved utgangen av året ein verdi på 307 000 kr, mot 270 000 kr i 2006. Vi unngår å byggje opp fiktive verdier i varelageret. I 2007 reduserte vi difor lagerverdien med 51 000 kr for ukurans. Den

same reduksjonen i 2006 var på 33 000 kr og i 2005 på 27 000 kr.

## 12.2 Prosjekttilskot

Nynorsk kultursentrum hadde i 2007 høgare inntekter frå prosjekttilskot enn nokon gong før – til saman 1 700 000 kr, mot 771 000 kr i 2006. Dei viktigaste var desse:

- Kultur- og kyrkjedepartementet via Det Norske Samlaget: 197 000 kr til *1001 tekstar*
- Norsk kulturråd: 200 000 kr til Dei Nynorske Festspela, 50 000 kr til konserten *Nye feiringssalmar* (rest frå 2006)
- ABM-utvikling: 100 000 kr til Tunkatens nettsongbok
- Fritt Ord: 305 000 kr til fornying av basisutstillinga (695 000 kr blir overførte til 2008), 85 000 kr til konferansen *Vendepunkt i nynorsk presse*
- Rasmus Løland-markeringa 2007–2011: 65 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Norsk presses historie: 50 000 kr til konferansen *Vendepunkt i nynorsk presse*
- Møre og Romsdal fylke: 78 000 kr til Dei Nynorske Festspela og 35 000 kr til utvikling av *Katta i sekken*
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: 35 000 kr til utvikling av *Katta i sekken*
- Volda kommune: 50 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Ørsta kommune: 50 000 kr til Dei Nynorske Festspela

Utstillingsprosjektet *Undrande og skapande* fekk slike prosjekttilskot (jf. kap. 4.4):

- Rasmus Løland-markeringa 2007–2011: 175 000 kr
- Fritt Ord: 140 000 kr
- Norsk kulturråd: 120 000 kr

Dette blei fordelt mellom dei tre samarbeidande musea, med 143 115 kr til Nynorsk kultursentrum. Det er sett av om lag 35 000 kr til slutføring av vandreutstillinga i 2008.

Vi takkar alle tilskotsgivarane!

## 12.3 Samarbeidsavtalar

Nedgangen i inntekter frå samarbeidsavtalar heldt fram i 2007. Frå 157 000 kr i 2006 fall desse inntektene til 98 000 kr i 2007. Nynorsk kultursentrum hadde dette året berre

avtalar med Sunnmørsposten som hovudsponsor og Fjord 1 som festspelsponsor, men arbeidde frå hausten 2007 med treårig sponsorlaug.

Dei Nynorske Festspela hadde i tillegg desse økonomiske samarbeidspartnarane: Bakeriet i Lom, Bama, Det Norske Samlaget, Forlaget Skald, Fritt Ord, Mangschou Forlag, Møre folkehøgskule, Nynorsk mediasenter, Ole Ringdal AS, Rasmus Løland-markeringa 2007–2011, Statens vegvesen, Tine, Volda Bil, Westres Bakeri.

Volda Mineralvatn laga også i 2007 eigen festspelbrus.

Vi takkar samarbeidspartnarane!

## 12.4 Samfunnsrekneskap

Den kulturokonomiske verdien av institusjonar som vår er stor. Nynorsk kultursentrum skapte verdier for mange i 2007:

- 1 312 000 kr i skattetrekk og 696 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 2 008 000 kr, mot 1,8 millionar kr i 2006. Dette utgjorde 17 % av samla kostnader i 2007.
- 5,4 millionar kr i bruttoløn, mot 4,7 millionar kr året før.
- Vi sende lønsoppgåver for 73 lønsmottakarar i 26 kommunar i 2007.
- Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt løn til personar busette i 117 kommunar spreidde over alle fylka.
- 546 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei Nynorske Festspela, mot 419 000 kr i 2006.

Ved dei 10 museumseiningane i Møre og Romsdal som rapporterte for 2006, blei det utført til saman 96 lønte årsverk. Nynorsk kultursentrum stod for 12 % av desse.

# 13. Politiske perspektiv

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2007. Dei viktigaste språkpolitiske initiativa dette året var nye innspel til stortingsmeldinga om språkpolitikk som har vore i arbeid i KKD, fleire tiltak for å løyse læremiddelsituasjonen ein gong for alle, og oppfølging av tidlegare

framlegg om å gi Den kulturelle skulesekken ein nynorsk tilleggsdimensjon.

I det samla arbeidet vårt la vi også dette året stor vekt på at norsk museumspolitikk framleis treng ein del museum som har nasjonale funksjonar og løyser nasjonale oppgåver. Både på dette feltet og meir allment markerer Nynorsk kultursentrum tydeleg at vi er ein sjølvstendig institusjon.

### 13.1 Ein nasjonal kulturinstitusjon

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Vi har 21 stiftarar i ryggen. Blant desse er fire av dei seks universiteta, alle dei viktige nynorskinstitusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate.

Kvalitet skal vere eit særmerke for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi ønskjer å knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege hovudoppgåvene fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader, for å gjere den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmakterne. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det

offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot stiller Nynorsk kultursentrum sin kompetanse til rådvelde for tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

Ivar Aasen-tunet som opplevingssenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé. I verksemda vår er det likevel ikkje eit skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving. Innhaldet i publikumstilbodet kan ikkje berre målast i publikumstal. Det er også viktig at arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk er av høg kvalitet. Mange av arrangementa våre hadde ikkje blitt til om ikkje vi hadde skipa dei til, og det kunstnarlege nivået på tilskipingane er jamt over høgt. Vi legg vekt på å skipe til både arrangement og utstillingar som har gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonssenter har to hovudoppgåver: Ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Nettstaden vil ha svært mykje å seie for rolla til Nynorsk kultursentrum som nasjonal dokumentasjonsinstitusjon. Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkeltekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksemd

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrum legg sterk vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om

oppgåver som kan gi resultat.

### 13.2 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2007 gjekk prisen til Guri Vesaas for arbeidet med å fornye norsk barne- og ungdomslitteratur, gjere barne- og ungdomsbøker på nynorsk til eit synonym for kvalitet og styrkjer den språklege sjølvtiliten til unge nynorskbrukarar.

Prisen – 50 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad av Arne Nøst – blei overrekt av May-Helen Molvær Grimstad under opningshøgtida for Dei Nynorske Festspela 27.6.

Til no har desse fått prisen:

- 2000 Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård
- 2001 Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge
- 2002 Ringstabekk skole, Bærum
- 2003 Redaktør Martin Toft
- 2004 Musikkgruppa Side Brok
- 2005 Forfattar Kjartan Fløgstad
- 2006 Forretningskvinne og toppidrettsutøvar Kari Traa
- 2007 Forlagsredaktør Guri Vesaas

### 13.3 Språk, makt og demokrati

På oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet primo januar leverte Ottar Grepstad 15.2. utkast til eit kapittel i den komande stortingsmeldinga om språkpolitikk. Dokumentet er kalla ”Språk, makt og demokrati”. Departementet står fritt til å bruke dokumentet som det passar dei.

### 13.4 Strategi for nynorsk i skulen

Nynorsk kultursentrum har i fleire år uroa seg over at få har vore opptekne av situasjonen for elevar med nynorsk som hovudmål. På oppdrag frå kunnskapsministeren sette Utdanningsdirektoratet i 2006 i gang arbeidet med å utforme *Strategi for nynorsk i opplæ-*

*ringa*. Eit utkast blei levert til Kunnskapsdepartementet i februar 2007. Dokumentet vil i si endeleg form venteleg bli offentleggjort etter at Kunnskapsdepartementet har lagt fram si stortingsmelding om språk i skulen i april 2008.

### 13.5 Norskeksamen i ungdomsskulen

Etter initiativ frå Sykkylven ungdomsskule tok vi 18.5. kontakt med kunnskapsministeren og Utdanningsdirektoratet om det tekstheftet som skulle brukast ved norskeksamen i ungdomsskulen 22.5. Av 20 tekstar i heftet var 18 på bokmål og 2 på nynorsk. Etter drøfting av saka i Forum for nynorsk i skulen 12.6. gjekk Nynorsk kultursentrum gjennom dei ressurshefta som har vore nytta like 2000. Kunnskapsdepartementet presiserte i brev 21.6. at ansvaret for eksamen er delegert til Utdanningsdirektoratet.

I brev til direktoratet 8.8. la vi fram vurderinga vår av desse hefta, og konkluderte slik: ”Dokumentasjonen ovanfor gjer det vanskeleg å konkludere med noko anna enn at i tidsrommet 2000–2007 er det berre i 2000 at Utdanningsdirektoratet utan tvil har gjennomført ungdomsskuleeksamen i samsvar med lov og forskrift. Skulle ein meine at det som har vore gjort, har hatt eit lovgyldig grunnlag, inneber det at nynorskbrukarane ikkje har dei reelle rettane som lova seier dei har. I så fall må lov eller forskrift endrast.

Vi bed om dykkar kommentarar til den dokumentasjonen og analysen vi har lagt fram her, med ei særleg vurdering av kva som skal til for at eksamen blir avvikla på eit gyldig grunnlag i framtida.”

Utdanningsdirektoratet svara aldri formelt på brevet, men følgde opp med å endre rammene for arbeidet med heftet. Vi reknar difor saka som løyst for framtida.

### 13.6 Læremiddel på nynorsk

Nynorsk Forum blei i juni samde om å følgje opp saka om trykte læremiddel og digitale læremiddel i den vidaregåande skulen. Dette blei aktualisert av mangel på retningslinjer for pc-ar som elevane får eller kjøper med rabatt/tilskot frå fylkeskommunane. Alvoret i situasjonen blei understreka av at fylkeskommunane hadde gått saman om å skipe

Nasjonal digital læringsarena (NDLA) for å utvikle heildigitale læremiddel (DLM) i norsk og naturfag. I anbudsdokumenta føresette dei at ”minimum 20 % av DLM som skal anskaffes vil være på nynorsk målform og tilbyder skal spesifisere målform der det er relevant”.

I brev 22.6. bad Nynorsk Forum om eit hastemøte med politisk leiing i Kunnskapsdepartementet (KD) og med Kommunenes Sentralforbund (KS). Språkrådet følgde opp med eit skarpt brev til KD, KKD streka under alvoret i saka og bad om ei snarleg utgreiing frå KD om saka, KS forsikra at lovverket skulle følgjast og lova ta saka opp i styret for NDLA, og KD sende brev til alle fylkeskommunane og minte om ansvaret deira.

KD inviterte Nynorsk Forum til møte med statssekretær Lisbet Rugtvedt 23.8. saman med Språkrådet og Utdanningsdirektoratet. Før det møtet bad Nynorsk Forum om ein statusrapport frå alle fylkeskommunane. 11 svara, og rapportane avdekte at det ikkje fanst rutinar som kunne sikre at lovverket blir følgd. I praksis var alt ansvar delegert til kvar rektor, med lita eller inga oppfølging. Best ut kom Møre og Romsdal fylke. Ingen av rapportane viste spor av at fylkeskommunane ein månad tidlegare hadde fått eit tydeleg brev frå KD.

På møtet 23.8. lova politisk leiing effektiv oppfølging. Departementet framheva etter møtet på ny det ansvaret fylkeskommunane har, og statsråden skreiv tydeleg om saka i spalta si på nettstaden til KD. Departementet lova spesielt å følgje opp overfor NDLA, som får statsstøtte til å lage digitale læremiddelprosjekt. NDLA utsette lanseringa av læreverka til over nyttår og streka under at ”alt fagstoffet vi legg ut, vil bli lagt ut parallelt på nynorsk og bokmål”, medan stoff til lærarane kjem vekselvis på nynorsk og bokmål.

I brev til fylkeskommunane 27.8. samanfatta Nynorsk Forum statusrapportane og møtet med KD, og varsla at saka blir følgd opp med det klare målet at læremiddelsituasjonen er løyst før august 2008: ”Vi bed derfor om at dei fylkesordførarane som blir valde i haust, syter for at denne saka blir

handsama politisk alt før nyttår, og at dei oppfølgingssystem og rutinar som trengst, blir utforma snarast. Kvar fylkeskommune må sjølv dokumentere at dei følgjer lova og at dei har dei systema som trengst for at lovverket skal kunne følgjast.”

Direktøren følgde opp i årstale nr. 7 om tilstanden for nynorsk skriftkultur med utfyllande dokumentasjon, og rådet drøfta oppfølgingstiltak. Dette blir følgd opp av administrasjonen i tett samarbeid med Nynorsk Forum vinteren 2008.

### 13.7 Høyringsfråsegner

ABM-utvikling publiserte i oktober 2006 rapporten *Kulturarven til alle - digitalisering i abm-sektoren*, med situasjonsanalyse og framlegg til mange tiltak. I høyringsfråsegn 30.4. skreiv vi mellom anna: ”Den sterkaste sida ved utgreiinga er den solide informasjonen og dokumentasjonen. Vi saknar likevel ei meir konsekvent gjennomføring av eit *brukarperspektiv*. Utgreiinga tek ikkje i det heile opp ulike sider ved nynorskbrukarane sin situasjon i bibliotekkvardagen. Bibliotekspolitikken er eit viktig element i arbeidet med å gjere unge nynorskbrukarar meir sjølvtrygge språkleg. Her fyller vi ut utgreiinga med noko av den informasjonen og analysen som manglar.” Vi gjorde også framlegg om fleire tiltak som kunne bøte på dei største manglane på dette punktet.

Kultur- og kyrkjedepartementet la i november 2006 fram *forslag til kulturlov*. I høyringsfråsegn frå oss 1.2.2007 la vi mellom anna vekt på dette: ”Den generelle kulturlova treng med andre ord tydelege, spesifikke og detaljrike forskrifter for å få den tilsikta funksjonen. Her blir det særleg viktig å ta omsyn til både verdien av aktivitet og kravet om kvalitet. Berre gjennom forskriftene kan formuleringane om ’bredt spekter’ og ’mangfold’ kvalifiserast og operasjonaliserast slik at til dømes språkdelen kjem tydeleg fram.”

Vi gav støtte til *framlegg til grunnlovsending* med forankring av kulturlova, men tok til orde for eit tillegg som presiserer den norske språksituasjonen slik den formelt er etter at Stortinget i 2002 avslutta tilnærmingspolitikken mellom dei to norske målformene. Tilleggsframlegget vårt er understreka:



”Det paaligger Statens Myndigheder at lægge Forholdene til Rette for at sikre Udvikling og Værn af norsk Kultur og Mangfold, og Sprog med sine to ligestilte Maalformer.”

I fråsegna rådde vi sterkt til at styresmak-  
tene set i gang eit språkleg revisjonsarbeid  
for Grunnlova: ”Då høver det også godt at  
innbyggjarane i landet også får ein offisiell  
nynorskversjon av Grunnlova. Etter det vi  
kjenner til, er ikkje den offisielle omsetjinga  
til nynorsk som Nikolaus Gjelsvik stod for i  
1901, blitt halden ved like.”

### 13.8 Den kulturelle skulesekken

ABM-utvikling la hausten 2006 fram ei eva-  
luering av Den kulturelle skulesekken. Som  
første institusjon tok Nynorsk kultursentrum  
alt i 2003 opp behovet for å utvikle spesifik-  
ke nynorske tilbod i regi av Den kulturelle  
skulesekken. Det var også budskapet i den  
høyringsfråsegna vi sende 1.2., samanfatta  
slik: ”På grunnlag av sentrale politiske pre-  
missar frå regjeringa Stoltenberg og eit breitt  
fleirtal i Stortinget tek vi i denne høyrings-  
fråsegna til orde for at det blir sett av midlar  
til pilotprosjekt for utvikling av kunst- og  
kulturtilbod retta spesielt mot barn med  
nynorsk som hovudmål, som kan styrkje den  
språklege sjølvkjensla deira. I neste omgang  
bør slike nynorskbaserte tilbod også utviklast  
for barn med nynorsk som sidemål.”

Slike synspunkt har vi fremja ved mange  
høve, til dømes då kunnskapsminister Øy-  
stein Djupedal vitja Ivar Aasen-tunet i januar  
2007. Nynorsk Forum fremja liknande syns-  
punkt i fellesdokumentet *Politikk for nynorsk* i  
september 2006.

Arbeidet gav resultat. Den 30.11. la regje-  
ringa Stoltenberg fram *St.meld. nr. 8 (2007–  
2008) Kulturell skulesekk for framtida*. Der hei-  
ter det i kap. 4.9 ”Formidling av kunst og  
kultur på nynorsk”:

”Skal nynorsk som den minst brukte av  
målformene kunne hevde seg, er det om å  
gjere at born og unge også får kulturimpulsar  
på nynorsk. Særleg viktig er det at elevar  
med nynorsk opplæringsmål møter si eiga  
målform på brei front i den formidlinga som  
skjer i skulen. Dei treng all den motvekt dei

kan få mot den sterke bokmålspåverknaden  
utanfor skulen.

Auka vekt på å formidle kunst og kultur  
på nynorsk gjennom Den kulturelle skule-  
sekken kan difor vere med å styrkje den  
språklege identiteten til nynorskelevane. Den  
kulturelle skulesekken vil på den måten byg-  
ge opp under dei pedagogiske målsetjingane  
i skulen og i større grad gjere skulen til ein  
berar og formidlar av språkleg og kulturell  
identitet.

Det er viktig at kommunar og fylkes-  
kommunar har dette språkpolitiske perspek-  
tivet i tankane i den vidare utviklinga av Den  
kulturelle skulesekken og når dei legg konk-  
rete planar for kunst- og kulturtilbodet i  
ordninga. I den samanheng er det ynskjeleg  
med eit visst tilbod på nynorsk også for  
bokmålslevar.”

Nynorsk kultursentrum vil følgje opp  
dette slik at ord blir handling alt i 2008.

### 13.9 Mangfaldåret 2008

Stortinget har gjennom vedtaka om stats-  
budsjett for 2007 og 2008 pålagt sjølvstendi-  
ge institusjonar å gjennomføre tiltak med eit  
definert innhald og føremål ved at alle skal  
utvikle tilbod innanfor rammene av Mang-  
faldåret 2008. Dette er ikkje i samsvar med  
prinsippet om armlengds avstand mellom  
styresmakter og kulturinstitusjonar. Uav-  
hengig av dette er det viktig for vår institu-  
sjon å prøve å bruke Mangfaldåret til å utvi-  
de forståinga av det norske kulturelle mang-  
faldet og å gi Mangfaldåret eit breiare inn-  
hald.

I 2007 tok arbeidet til med desse tiltaka,  
som alle ber preg av varige tiltak for mang-  
fald:

- *1001 tekstar* er eitt av dei viktigaste bi-  
draga frå Nynorsk kultursentrum til  
Mangfaldåret. Dette prosjektet utvidar  
forståinga av det norske, dokumenterer  
det tradisjonelle norske kulturelle mang-  
faldet, og vil med alt stoff om språk i  
Noreg og verda rundt setje den norske  
situasjonen i relieff.
- Orientering for to statsrådar om behovet  
for læremiddel på nynorsk for innvand-  
rarar, januar

- Debatt om kulturelt mangfald og kunstnarane sin kulturelle toleranse i Aasen-tunet, oktober
  - Plan for ombygging av delar av basisutstillinga med meir vekt på språk over heile verda, heile 2007
  - Programplanar for Dei Nynorske Festspela 2008
  - Planar for utvida innhald på nettstaden om språk frå heile verda, november
- Arbeidet held fram i 2008 og kvart år vidare.

### 13.10 Perspektiv 2013

I 2013 ville stiftaren av nynorsk ha fylt 200 år, og ei av dei viktigaste scenene for nynorsk – Det Norske Teatret – fyller 100 år.

Kvart år sidan 2003 har Nynorsk kultursentrum arbeidd med ei rekkje saker under fellesnemnaren ”Perspektiv 2013”.

Etter at Stortinget i 2004 drøfta *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014* står eit breitt politisk fleirtal bak ein politikk som følgjer dette tiårsperspektivet i stortingsmeldinga:

”I 2013 er det 200 år sidan Ivar A[asen] vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar.”

Nynorsk kultursentrum har dei siste åra uroa seg over dei mange sakene som passerer gjennom departement og regjering utan at dei språkpolitiske perspektiva blir fanga opp. Av omsyn til norsk kultur allment, og nynorskbrukarane spesielt, kan det ikkje halde fram slik.

Eit typisk trekk for nynorsk skriftkultur er at der er mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, men at det alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere av-

hengig av målretta, offentleg støtte og positiv diskriminering.

I arbeidet med jubileet i 2013 har både råd og styre lagt til grunn den same tilnærminga som fleirtalet i kultur- og familiekomiteen (alle partia utanom FrP) gjorde i budsjettinnstillinga for 2007:

”*Flertallet* vil understreke språkets betydning for kultur og identitet, og vil påpeke at man frem mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 har et særskilt ansvar for å styrke arbeidet med nynorsk språk, litteratur og kultur. Nynorsk kultursentrum er sentralt i dette arbeidet.”

Det er viktig å avklare kvifor vi vil dette og kva vi vil bruke eit slikt jubileum til. Så langt har desse strategiske grepa skilt seg ut i drøftingane i råd og styre:

1. Nynorsk kultursentrum skal drive 200-årsjubileet for Ivar Aasens fødsel i 2013.

2. Jubileet må ha vesentleg større driftsmidlar til rådvelde frå staten enn tilfellet var med Ivar Aasen-året i 1996, og at jubileet blir brukt til å styrkje vilkåra for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur i tida fram mot 2030.

3. Alle som ønskjer å vere med på feiringa, må kjenne seg raust velkomne.

4. Jubileet bør framheve språkets rolle i samfunnsutviklinga, få ein tydeleg internasjonal profil og fange opp den moglege globale språklege maktforskyvinga i retning Asia, gjerne i form av samarbeidsprosjekt.

5. 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013 skal vere noko anna enn Ivar Aasen-året 1996, men kan gjerne ta opp att gode ting frå den store markeringa.

6. Jubileet må skape begeistring for Ivar Aasen og språk, og vere prega av humor, sjølvironi og det uhøgtidlege.

7. Hovudmålet bør vere at bokmålsbrukarane etter jubileet er like stolte av nynorsk som vi nynorskbrukarar er.

8. Sidemålet bør vere at alle i Noreg etter 2013 skal vite kvar Aasen kom frå og at der ligg Ivar Aasen-tunet.

Arbeidet held fram.

# Nynorsk kultursentrum

## Statistikk 2000-2007

|                                       | 2000-2004      | 2005           | 2006           | 2007           | I alt          |
|---------------------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| <b>ÅRSVERK</b>                        | 54,6           | 12,1           | 11,2           | 12,1           | 90,0           |
| <b>SAMLINGAR</b>                      |                |                |                |                |                |
| Gjenstandar i alt                     | 32 894         | 1 393          | 21 134         | 707            | 56128          |
| Av dette tilfredsstillande registrert | 11 144         | 3 740          | 269            | 395            | 15548          |
| <b>DOKUMENTASJON</b>                  |                |                |                |                |                |
| Nynorskbasen                          | 2 891          | 617            | 48             | 24             | 3580           |
| Artikkelarkivet                       | 3 230          | 340            | 1310           | 880            | 5760           |
| <b>GJESTER</b>                        |                |                |                |                |                |
| <b>Vanlege gjester</b>                |                |                |                |                |                |
| Vår                                   | 21 569         | 4 292          | 4 443          | 3 546          | 33850          |
| Sommar                                | 18 155         | 2 253          | 2 531          | 2 053          | 24992          |
| Dei Nynorske Festspela                | 27 397         | 6 205          | 6 252          | 6 136          | 45990          |
| Haut                                  | 26 751         | 3 629          | 3 842          | 5 011          | 39233          |
| <b>Sum vanlege gjester</b>            | <b>93 872</b>  | <b>16 379</b>  | <b>17 068</b>  | <b>16 746</b>  | <b>144065</b>  |
| <b>Nettstadbrukarar</b>               |                |                |                |                |                |
| Vår                                   | 136 055        | 150 110        | 400 683        | 101 564        | 788412         |
| Sommar                                | 147 220        | 157 935        | 37 336         | 33 939         | 376430         |
| Haut                                  | 155 787        | 296 775        | 50 570         | 78 952         | 582084         |
| <b>Sum nettstadgjester</b>            | <b>439 062</b> | <b>604 820</b> | <b>488 589</b> | <b>214 455</b> | <b>1746926</b> |
| <b>SAMLA GJESTETAL</b>                | <b>532 934</b> | <b>621 199</b> | <b>505 657</b> | <b>231 201</b> | <b>1890991</b> |
| <b>Gjester etter aktivitet</b>        |                |                |                |                |                |
| Utleige og eksternt                   | 17 445         | 6 513          | 4 794          | 3 007          | 31759          |
| Eigne arrangement                     | 39 358         | 5 800          | 6 800          | 7 468          | 59426          |
| Utstillingar                          | 37 069         | 4 066          | 5 512          | 6 271          | 52918          |
| <b>Gjester etter alder</b>            |                |                |                |                |                |
| Barn og unge                          | 20 668         | 3 974          | 4 180          | 4 621          | 33443          |
| Vaksne                                | 74 204         | 12 405         | 12 888         | 12 125         | 111622         |
| <b>ARRANGEMENT</b>                    |                |                |                |                |                |
| Kulturprogram                         | 256            | 54             | 54             | 71             | 435            |
| Utstillingar                          | 48             | 5              | 6              | 5              | 64             |
| Vandreutstillingar                    | 34             | 3              | 31             | 11             | 79             |
| Dei Nynorske Festspela                | 224            | 43             | 41             | 42             | 350            |
| Utleige                               | 222            | 90             | 75             | 57             | 444            |
| <b>Sum arrangement</b>                | <b>784</b>     | <b>195</b>     | <b>207</b>     | <b>186</b>     | <b>1372</b>    |
| <b>UTØVARAR</b>                       |                |                |                |                |                |
| Kulturprogram                         | 2 288          | 528            | 398            | 281            | 3495           |
| Dei Nynorske Festspela                | 1 466          | 221            | 236            | 213            | 2136           |
| <b>Sum utøvarar</b>                   | <b>3 754</b>   | <b>749</b>     | <b>634</b>     | <b>494</b>     | <b>5631</b>    |

# Kulturprogram 2007

Billetter på tlf. 70 04 75 85 eller

[billett@aasentunet.no](mailto:billett@aasentunet.no)

Informasjon på tlf. 70 04 75 85 eller 70 04 75 79

Halv pris til barn der det ikkje er eigen barnebillett

## Vår

### ONSDAG 17. JANUAR

11.00–13.00 Førdehuset, Førde

#### **Ivar Aasens store alvor – og vår tids glede**

Biletkåseri ved Ottar Grepstad med spesialtilbod på boka *Viljen til språk*

I samarbeid med Senioruniversitetet

### ONSDAG 24. JANUAR

12.00 Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet

#### **Viljen til språk: utstillinga**

Temautstillinga som har vore vist på 30 stader landet rundt

Utstillinga står til og med 9. april

### TORSDAG 25. JANUAR

18.00–18.45 Bjørnsonhuset, Molde

